

Etterstilte småord i norske talemål. Ei undersøking av variasjon knytt til geografi, alder og kjønn

Kaja Borthen, Åshild Søfteland, Perlaug Marie Kveen, Elena Karagjosova og Anders Nøklestad

Samandrag

Denne artikkelen rapporterer om ein studie av geografiske og demografiske trekk ved 46 etterstilte pragmatiske partiklar i norske talemål. I første del av studien er spørjeskjema nytta som metode. Resultata frå denne undersøkinga viser i kva grad informantar frå ulike stadar i Noreg rapporterer om bruk av dei etterstilte uttrykka i dialekta si. Andre del av studien er ei korpusundersøking, meir spesifikt ei undersøking av førekomstar av etterstilte uttrykk i Nordisk dialektkorpus og *LIA norsk*-korpuset. Artikkelen jamfører resultat frå spørjeundersøkinga med korpusdata med utgangspunkt i følgjande forskingsspørsmål: i) Kva for geografisk utbreiing har dei 46 etterstilte uttrykka?, ii) finst det uttrykk som blir nytta i større grad av dei eldre informantane enn av dei yngre, eller omvendt?, og iii) finst det uttrykk som blir nytta i større grad av dei mannlege informantane enn av dei kvinnelege, eller omvendt? I tillegg til å svare på desse spørsmåla, avdekkjer studien demografiske tendensar når det gjeld den etterstilte posisjonen generelt, og ein får auka innsikt om fordelar og ulemper ved dei to metodane som blir nytta i studien.

Nøkkelord: pragmatisk partikkel, finalpartikkel, etterstilte småord, norsk talemål, spørjeundersøking, korpusundersøking

1. Innleiing

Temaet i denne artikkelen er etterstilte småord, slik som *gitt* i *Eg høyrer det går mykje i country, gitt og sant* i *Men no har ikkje eg ungar som eg må stelle med, sant*. Med *småord* meiner vi pragmatiske partiklar, og studien er avgrensa til pragmatiske partiklar i etterstilt posisjon, ofte kalla finalpartiklar. Trass i namnet *partikkel*, omfattar termen her òg samansette uttrykk, som *kan du skjønne* i *Han vart så redd, kan du skjønne*. I denne artikkelen skal vi ikkje seie så mykje meir om finalpartiklar generelt, men interesserte lesarar kan finne litteratur om norske pragmatiske partiklar i Borthen (2018a), og om finalpartiklar på tvers av språk i Hancil, Post & Haselow (2015).

Éin viktig eigenskap ved pragmatiske partiklar er at dei ikkje medverkar til påstandsinnhaldet i ytringa, men påverkar *måten* påstandsinnhaldet i ytringa blir framstilt på (sjå t.d. Zimmermann 2011). Ettersom slike uttrykk er ikkje-sanningsfunksjonelle, er dei valfrie i større grad enn ord som medverkar til påstandsinnhaldet i ytringa. Variasjonsmoglegheit er ein føresetnad for sosiolingvistisk variasjon og talemålsvariasjon meir generelt, så frå dette kan vi vente at visse pragmatiske partiklar kan bli nytta meir av enkelte grupper enn andre. Trass i dette er det mykje vi ikkje veit om dei geografiske og demografiske mønstera til norske pragmatiske partiklar. Dette ønsker vi å gjere noko med i denne artikkelen.

Geografisk utbreiing er sjeldan eit tema i faglitteraturen om norske pragmatiske partiklar. Eit par unntak er Søfteland og Borthen (2018), som ser på den midtnorske etterstilte partikkelen *sjø*, og Unger (2018), som drøftar relasjonen mellom sosiolingvistikk og kognitiv pragmatikk. Ein del dialektmonografiar nemner ulike typar pragmatiske partiklar (sjå t.d. Dagsgard 2006 og Donali 1988), men generelt må ein kunne seie at pragmatiske partiklar har fått liten plass i lærebøker og andre faglege skildringar av norske målføre. Ordboka *Norsk Ordbok – ordbok over det norske folkemålet og nynorske skriftspråket* (heretter *Norsk Ordbok*) er den faglege kjelda som har mest inngåande informasjon om den geografiske utbreiinga til etterstilte pragmatiske partiklar i norsk. Men ikkje alle uttrykka vi ser på er nemnde der, og bruken av pragmatiske partiklar endrar seg også kjapt.

Undersøkinga vår kjem med innsikter både om den geografiske utbreiinga til uttrykk som ikkje har vore skildra tidlegare, og med meir oppdatert kunnskap om allereie kjende uttrykk.

Alder er òg ein eigenskap ved språkbrukaren som det er interessant å sjå på her. Det finst ein god del studiar av pragmatiske partiklar og ungdomsspråk, og desse syner at visse pragmatiske partiklar, til dømes *bare* som sitatmarkør og norsk *lissom*, i hovudsak blir nytta av unge språkbrukarar (sjå t.d. Hasund 2006; Opsahl og Svennevig 2012; Svennevig og Hasund 2018). Eit anna døme på motsett side av aldersskalaen er den midtstilte pragmatiske partikkelen *nå*, som er i tilbakegang, ifølgje Svennevig (2014). I studien vår undersøker vi samanhengen mellom alder og (rapportert) bruk av også mindre kjende pragmatiske partiklar.

Det har lenge vore kjent – eller eventuelt ein myte – at det kan vere ein samanheng mellom bruken av visse pragmatiske partiklar og kjønn. I ei tidlegare utgåve av Norsk Ordbok sto det i ordboksartikkelen om *altså*, som truleg vart forfatta på 1930-talet, at etterstilt *altså* opptredde “særli. i kvinnemål” (jf. Opsahl 2014). I seinare tid har forskarar gjennomført studiar av norske pragmatiske partiklar som stadfestar liknande tendensar knytte til kjønn for einskilte ord (jf. Uri 2018). Mellom anna finn Hasund (2006) i sitt datamateriale at 90 % av døma med *lissom* blir ytra av jenter, og Opsahl (2002) viser at jenter nyttar *bare* omkring dobbelt så ofte som gutar i hennar datamateriale. Det blir av enkelte forskarar hevda at pragmatiske partiklar generelt blir nytta meir av kvinner enn av menn (jf. Lakoff 1975; Fjeld 2001; Lind 2005; Talbot 2010), men det finst òg studiar som ikkje viser nokon skilnad mellom kvinner og menn på dette punktet (sjå t.d. Precht 2008). For norsk veit vi lite om kjønnsfordelinga til dei mange mindre utbreidde pragmatiske partiklane, og det er uvisst om det til dømes finst finalpartiklar som blir nytta i større grad av mannlege språkbrukarar enn av kvinnelege.

Undersøkinga vår er sett saman av to studiar. I den første delen har vi spurt informantar på ulike stader i Noreg om bruken av 46 etterstilte pragmatiske partiklar i deira dialekt. I den andre delen har vi etterprøvd dei tydelegaste resultata frå spørjeundersøkinga ved å søke i talespråkkorpuset Nordisk dialektkorpus (Johannessen et al. 2009) og i nokre tilfelle også i korpuset LIA norsk (sjå referanselista). Undersøkinga svarar mellom anna på følgjande forskingsspørsmål:

1. Er nokon av dei 46 etterstilte uttrykka knytte til spesifikke geografiske område?
2. Er nokon av dei 46 etterstilte uttrykka knytte spesielt til eldre eller yngre språkbrukarar?
3. Er nokon av dei 46 etterstilte uttrykka knytte spesielt til kvinnelege eller mannlege språkbrukarar?

Som vi skal sjå i Seksjon 2, gjev spørjeundersøkinga svar på kva informantane *rapporterer* om bruken av dei 46 uttrykka hos seg sjølve og i dialekta si. Men som kjent er det ikkje nødvendigvis samsvar mellom rapportert språkbruk og faktisk språkbruk (jf. t.d. Mæhlum et al. 2008: 141; Johannesen 2003). Årsaka til at vi likevel har valt å nytte spørjeskjema, er at etterstilte pragmatiske partiklar er ein språkleg kategori som det kan vere vanskeleg å fange i lydopptak. Som vi skal sjå, er det fleire uttrykk blant dei 46 vi har sett på, som vi ikkje finn døme på i Nordisk dialektkorpus. Vi meiner difor at spørjeskjema er den metoden som best balanserer innsats og resultat i dette tilfellet.

Studien vår omfattar òg uttrykk som det finst døme på i talespråkkorpusa. I og med at vi har valt dei same geografiske målepunkta og dei same informantkategoriane som i Nordisk dialektkorpus, har vi moglegheit til ikkje berre å undersøke korleis uttrykka blir nytta i faktisk tale, men òg å sjå på om det er samsvar mellom dei mønstera for geografi, alder og kjønn som kjem fram i spørjeundersøkinga, og dei mønstera vi finn i korpuset. Det at vi kombinerer to ulike metodar, styrker validiteten til svara på dei tre forskingsspørsmåla. Samstundes fører metodetrianguleringa til auka innsikt om dei to metodane, spesielt om sambandet mellom rapportert og faktisk språkbruk.

Resten av artikkelen er strukturert som følgjer: Metodespørsmål og gjennomføringa av dei to undersøkingane blir presenterte i Seksjon 2, før vi i Seksjon 3 går inn på dei viktigaste resultata for dei 46 uttrykka knytte til geografi, alder og kjønn. Til sist i Seksjon 3 samanfatar vi dei to

undersøkingane med særleg fokus på metode og sambandet mellom rapportert og faktisk språkbruk. Seksjon 4 samanfattar artikkelen.

2 Data og metode

2.1 Dei 46 uttrykka

Spørjeundersøkinga omfattar 46 etterstilte pragmatiske partiklar, lista opp i Tabell 1. Sidan etterstilt pragmatisk partikkel ikkje er ein eigen kategori i ordbøker og korpus, vart lista med uttrykk compilert manuelt av oss. Vi søkte etter slike uttrykk i ordbøker, artiklar, korpus og blant språkkunnige, og valde ut uttrykk som oppfylte følgjande fem kriterium:

- i. Ikkje sanningsfunksjonelt (vi har t.d. ikkje tatt med etterstilt *høyrer eg*)¹
- ii. Opptrer systematisk i etterstilt posisjon (eventuelt òg i andre posisjonar)
- iii. Fungerer ikkje som sjølvstendig ytring (utelèt interjeksjonar som t.d. *javisst*)
- iv. Trykklett uttale
- v. Ikkje ei produktiv samanstilling av fleire etterhengde pragmatiske partiklar der tydinga og uttala tyder på at dette er ein kombinasjon av to sjølvstendige leksem (utelèt t.d. *da sjø* som eitt uttrykk, men inkluderer *e'von < er det von*).

Det siste punktet var det vanskelegaste å vurdere, særleg for samansette uttrykk som forfattarane sjølv ikkje nyttar. Der vi har vore i tvil, har vi valt å ta med det samansette uttrykket i undersøkinga, til dømes *da ma* (< *da må veta*) og *sant vel*.

¹ Ein kan diskutere kor vidt etterstilt *høyrer eg* er sanningsfunksjonelt eller ikkje. Vi valde å ikkje ta med uttrykket ettersom ei drøfting av dette ville vere for omfattande for denne artikkelen.

Nr	Bokmål	Nynorsk	Uttalevariantar
1	akkurat	akkurat	akkurat, akkerat, akkeratt, akkorat, akkoratt
2	altså	altså	altså, æilltså, allso, also, altso
3	at (det)	at (det)	at, atte, at det
4	da	da	da, a, ra, då, dæ
5	(da) ma	(da) ma	dama, damma, dametta, damåtta, dāmåta, da måta, da-ma, ra-ma, dæ, ama, amma, ma
6	de kaller	dei kallar	dei kallar, dei kalla
7	du	du	du
8	eller	eller	eller, ell, elle, eil, eiller, hell, elder, [...]
9	er von	er von	e von, i von, er det von, æ ræ von, er e von, e de von, må je von, var von
10	gitt	gitt	gitt, gett, gut, gutt, gud, gytt, gøtt
11	ikke sant	ikkje sant	ikke sant, ikkje sant
12	jo	jo	jo
13	kan du skjønne	kan du skjøne	kan du skjønne, kan du skyne, kan du skjøna
14	kan du vite	kan du vete	kan du vita, kan dø vita, kan dø våttå, våttå
15	kar	kar	kar
16	lell	lell	lell, lel, lei(II), løll, låll, læl
17	liksom	liksom	liksom, likesom, likasom, liksum, leksom, likso, likså, likæsom, ligaså, lekså, lekso, lekkså, lekso, lissom, lissåm, lissum, lessom, lessåm, lesså, lessom, lisså, lisso, lista, mæssom, messom
18	mann	mann	mann
19	men	men	men, minn, mi
20	mon tro	mun tru	mun tru, montru, mon tru
21	må vite	må vete	måta, meta, mata, mada, måa, må, måtta, maota, må'ta, metta, må vita, må veta, må vide, (då/da) måt(t)a, mota, meta, mata, mada, maota, ma, mæta
22	må tro	må tru	må tru, måtru, måttru, muttru, murtu
23	nemlig	nemleg	nemlig, nemleg, nemmele
24	nett	nett	nett
25	ratt	radt	ratt, radt
26	rett og slett	rett og slett	rett og slett
27	sann	sann	san, sann, sa'n, senn
28	sant	sant	sant, saint
29	sant vel	sant vel	sant vel
30	sant å si	sant å seie	sant å si, sant å seia, sant å segja
31	ser det ut til	ser det ut til	ser det ut til
32	ser du	ser du	serdu, ser du, serru, seru, sjerru, sjeru, sjurru, seddu, siddu, sjeddu, sjerdi, sjuddu, sjudu, sjurdu, sjur du, se, su, sje, sji, sju, sji, sjø
33	skal tro	skal tru	skal tru, ska tru
34	skal vite	skal vete	skal vita, ska vita
35	skjønner du	skjønar du	skjønner du, skjønar du
36	som sagt	som sagt	som sagt
37	så	så	så, so
38	tror du	trur du	trur du, tror du, trur u
39	tror jeg	trur eg	tror jeg, trur eg
40	var sant	var sant	var sant
41	vet jeg	veit eg	veit eg, vet(t)e, veit'e, væt e, veit-eg, veit-je, vætte, vekkje, vækkje, veikje, ve', væ'
42	vet du	veit du	veit du, vet du, vettu
43	vel	vel	vel, væl, veie
44	ventelig	venteleg	ventelig, venteleg, vennjteli
45	visst	visst	visst, vist
46	visstnok	visstnok	visstnok

Tabell 1 Uttrykk og uttalevariantar i spørjeundersøkinga

2.2 Spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet som vart sendt ut til informantane (sjå Seksjon 2.3), inneheldt fem hovuddelar: (i) Ein introduksjon med informasjon om temaet og målet med studien, informasjon om at deltakinga var frivillig, kva det innebar å vere med, og om lagring av data, (ii) instruksjonar om korleis informantane var forventa å svare på spørsmåla, inkludert eit døme, (iii) spørsmål til informanten om geografisk tilhøyrslse, år på heimplassen, alder og kjønn, (iv) sjølv spørjeundersøkinga og (v) samtykkeskjema. Spørjeundersøkinga vart meld inn til *Norsk senter for forskningsdata (NSD)*, og vi følgde tilrådingane deira. Innsamlinga av data vart gjennomført mellom 2014 og 2018.

Delar av instruksjonane til informantane kjem fram i Figur 1.

Instruksjon

Undersøkelsen tar ca. 15–20 minutter. Du vil bli presentert for 46 ytringer. For hver ytring: Tenk deg at ytringen oversettes til dialekten som snakkes på ditt hjemsted. Tenk deg at ytringen avsluttes med ett av uttrykkene listet opp under ytringen, eller en annen uttalevariant av samme ord. Gjør følgende vurderinger:

- Vurder om folk som snakker din dialekt, bruker dette ordet i en eller annen uttalevariant i denne posisjonen i setningen. Kryss av det som passer best av de tre alternativene nederst. Du kan bare krysse av ett alternativ.
- Hvis ordet brukes, oppgi hvordan det uttales. Du kan oppgi andre uttalevarianter enn de vi har listet opp.
- Dersom du ønsker det, kan du legge til kommentarer til svaret ditt.

Eksempel

☐ Ytring: Dette var fæle greier, _____!

☐ gitt

☐ gett

☐ gut

☐ ...

Kryss av for ett av følgende alternativer:

1. Ja, dette ordet brukes på denne måten i min dialekt, og jeg bruker det også iblant selv.
Det uttales slik: _____
2. Dette ordet brukes på denne måten av enkelte som snakker min dialekt, men jeg bruker det sjelden eller aldri selv.
Det uttales slik: _____
3. Nei, dette ordet brukes ikke (eller ikke i denne posisjonen i setningen) i min dialekt.

Eventuelle kommentarer:

Figur 1 Instruksjon til informantane

Før vi utforma spørjeskjemaet, samla vi inn informasjon om uttrykka frå dei eksisterande kjeldene, spesielt frå Norsk Ordbok, Metaordboka til Norsk Ordbok og Ivar Aasens arbeid (Aasen 1965 [1864]; Aasen og Aarset 1996 [1848]). I desse kjeldene søkte vi opp informasjon om bruksmåtar for ordet, eventuell tyding, målføreformer, etymologi og utbreiing. Spesielt viktig var det å finne gode eksempelsetningar til spørjeskjemaet og eit godt oversyn over uttalevarianantar. Tabell 2 syner kva for eksempelsetning som vart nytta for kvart av uttrykka.

Nr.	Uttrykk (bokmål)	Eksempelsetning (bokmål, frå spørjeskjemaet)
1	akkurat	Det var ingenting å skryte av, ____
2	altså	Det er helt sant, ____
3	at (det)	Du er så fin, ____
4	da	Nå får dere se til å komme, ____
5	(da) ma	Ikke slik, ____
6	de kaller	Han var slik veterinær, ____
7	du	Jeg har hørt det ofte, ____
8	eller	Blir det snø i kveld, ____
9	er von	Det blir kaldt til uka, ____
10	gitt	Det var fæle greier, ____
11	ikke sant	Det går bra, ____
12	jo	Det er rene blankisen her, ____
13	kan du skjønne	Hun ble glad, ____
14	kan du vite	Hun er ikke her nå, ____
15	kar	Å du, hvor det gikk, ____
16	lell	Du vil ikke dit, ____
17	liksom	Som om det er vår skyld, ____
18	mann	Se deg for, ____
19	men	Du kommer til å dra. Jeg vet du ikke liker det, ____
20	mon tro	Hvor skal han hen, ____
21	må vite	Han var vant med å få det han ville, ____
22	må tro	Det går ikke fort, ____
23	nemlig	Kan du hjelpe meg? Jeg har problemer, ____
24	nett	Hagla var ikke av de minste, ____
25	ratt	Det blir vel meir snø til natta, ____
26	rett og slett	Du var fantastisk, ____
27	sann	Det var sant, ____
28	sant	Fransk er jo så deprimerende gammeldags, ____
29	sant vel	Nå kommer far hjem, ____
30	sant å si	Men jeg var ikke videre huslig av meg, ____
31	ser det ut til	Nå får vi selskap, ____
32	ser du	Dette blir det penger av, ____
33	skal tro	Er det en rev, ____
34	skal vite	Dette hører med, ____
35	skjønner du	Det er fest her, ____
36	som sagt	Det er på tide, ____
37	så	Om du nå endelig vil, ____
38	tror du	Får du feira litt, ____
39	tror jeg	Jeg vil aldri gifte meg, ____
40	var sant	Nei, jeg skulle finne Petra, jeg, ____
41	vet jeg	Han kunne ikke annet, ____
42	vet du	I Tyskland styrer presidenten, ____
43	vel	Du vil være med på spørreundersøkelse en annen gang også, ____
44	ventelig	Hun tenkte på Aud, ____
45	visst	Han har det bra, ____
46	visstnok	Folket i Malawi er fredelige og trivelige, ____

Tabell 2 Eksempelsetningane til kvart av uttrykka

Informantane fekk spørsmål om dei etterstilte uttrykka i alfabetisk rekkefølge, som i Tabell 1 og Tabell 2, etter mønster frå dømet vist i Figur 1. I eit eige punkt heilt til sist i undersøkinga oppmoda vi informantane om å leggje til generelle kommentarar og eventuelt nemne uttrykk som ikkje var med i undersøkinga. Eit uttrykk som ikkje er med på lista i Tabell 1, er t.d. *si* som i *Eg vil ikkje, si*. Dette uttrykket blir nytta for å leggje synspunkt i munnen på tilhøraren: ‘Eg går ut ifrå at du truleg ville sagt at du ikkje vil’. Andre uttrykk som ikkje er med i undersøkinga, er *tenkt sagt* (‘hadde eg så nær sagt’), som i *Kjem dei no desse latrauvane, tenkt sagt*, og *kjell* (‘kvinnfolk’, ‘kjelle’), som i

Det lyt du finne deg i, kjell'.² Vi har heller ikkje med *sjø/sju/sje* som eige uttrykk, ettersom *sjø* er ein uttalevariant av *ser du*, men sjå Søfteland og Borthen (2018) for ein eigen studie av *sjø*. Undersøkinga vår er med andre ord ikkje uttømmende om etterstilte pragmatiske partiklar i norsk, sjølv om målet var å ha med så mange som mogleg.

2.3 Målepunkt og informantar

Undersøkinga vår omfattar informantar frå 83 stader i Noreg, her delt inn etter dei fem geografiske hovudregionane Nord-Noreg, Trøndelag, Austlandet, Vestlandet og Sørlandet:³

- NORD-NOREG: Ballangen, Beiarn, Bodø, Burfjord, Herøyn, Kåfjord, Karlsøy, Kautokeino, Kirkenes, Kirkesdalen, Kjøllefjord, Kåfjord, Kvænangen, Lavangen, Mo i Rana, Narvik, Sømna, Stamsund, Steigen, Tromsø, Vardø
- TRØNDELAG: Gauldal, Inderøy, Meråker, Oppdal, Røros, Skaugdalen, Trondheim
- AUSTLANDET: Alvdal, Aremark, Brekkom, Brunlanes, Dalsbygda, Darbu, Drevsjø, Enebakk, Flå, Gausdal, Hjørtedalen, Hof, Holmestrand, Jevnaker, Kirkenær, Lardal, Lom, Lommedalen, Nes, Rena, Rømskog, Rollag, Sylling, Trysil, Vang, Vestre Slidre, Vinje, Ål
- VESTLANDET: Aure, Bømlo, Bud, Eidfjord, Fusa, Gjesdal, Kalvåg, Karmøy, Kvinnherad, Lindås, Luster, Rauma, Stavanger, Stranda, Suldal, Surnadal, Time, Todalen, Volda, Voss,
- SØRLANDET: Evje, Kristiansand, Landvik, Lyngdal, Sirdal, Valle, Vegårshei

Desse 83 stadene er alle blant dei 111 geografiske målepunkta som er nytta i prosjektet ScanDiaSyn og som resulterte i Nordisk dialektkorpus (Johannessen et al. 2009, heretter forkorta til *NDK*).⁴

Vi overtok òg namn og adresse på 383 informantar frå ScanDiaSyn-prosjektet. Desse personane som vi fekk namn og adresse på, hadde sagt seg villige til å bli kontakta på nytt for nye forskingsprosjekt, men ein del hadde flytta, ein del var ikkje lenger i live og ein god del valde å ikkje svare. Svar-prosenten var i fyrste omgang på berre omkring 25 %, så det vart sett i gang eit større rekrutteringsarbeid. Kommunehus, bibliotek, skular og historielag på dei plassane vi trengte informantar, vart kontakta, og personar på desse kontaktpunkta vidareformidla førespurnaden vår til personar som kunne vere villige til å delta i undersøkinga. Informantane som sa ja til å vere med på undersøkinga, måtte oppfylle dei same krava som i prosjektet ScanDiaSyn (sjå Johannessen, Vangsnes, Priestley & Hagen 2014). Mellom anna skulle dei ikkje ha budd borte frå heimplassen i meir enn 7 år, og dei skulle helst vere anten 30 år eller yngre eller over 50. Informantane våre er med andre ord ikkje eit representativt utsnitt av befolkninga, men ei gruppe relativt stadfeste individ som kanskje også er meir interesserte i språk enn gjennomsnittet.

Informantane er delte inn i to alders- og kjønnskategoriar, slik som i *NDK*. Kategoriane er 'ung' (15–30 år), 'gamal' (50 +), 'kvinne' og 'mann'. I *NDK* er hovudregelen at det er 4 personar frå kvart av dei geografiske målepunkta (to unge / to eldre, to kvinner / to menn). I undersøkinga vår oppnådde vi ikkje dette for alle 83 målepunkt, men det er ei relativt jamn fordeling over dei ulike kategoriane i kvar av dei fem regionane. Det deltok 286 informantar i undersøkinga, m.a.o. 3,45 informantar per målepunkt. Tabell 3 syner fordelinga av informantar i dei fem regionane. 9 informantar hadde ikkje fylt ut informasjon om kjønn og alder; desse er representerte i kolonnen 'ikkje markert' i Tabell 3.

² Takk til Tor Erik Jenstad for desse døma.

³ Vi er klar over at geografisk-administrative regionar som dette ikkje nødvendigvis stemmer overeins med tradisjonelle dialektgrenser. Til dømes blir nordmørsk gjerne rekna til det trønderske målområdet. Når vi likevel har valt å bruke denne inndelinga gjennomgåande, er det av to årsaker: 1) Den same inndelinga blir bruka i *Nordisk dialektkorpus*, og dermed blir det lettare å samanlikne våre data med deira data, og lettare for andre å etterprøve forskinga vår. 2) Dersom ein er på jakt etter nye isoglossar der utbreiinga er ukjent, kan det vere for styrande å gjennomgåande legge tradisjonelle dialektgrenser til grunn.

⁴ Les meir om ScanDiaSyn-prosjektet og Nordisk dialektkorpus her: <http://websim.arkivert.uit.no/scandiasyn/>.

Region	Samla	Kjønn			Alder		
		Kvinne	Mann	Ikkje markert	Ung (15–30)	Gamal (50+)	Ikkje markert
Nord-Noreg	70	33	32	5	30	35	5
Trøndelag	30	14	13	3	13	14	3
Austlandet	94	51	43	0	39	55	0
Vestlandet	72	38	33	1	33	38	1
Sørlandet	20	12	8	0	7	13	0
		148	129	9	122	155	9
Sum	286	286			286		

Tabell 3 Fordeling av kvinner og menn, yngre og eldre informantar i undersøkinga

Sørlandet er den regionen som har færrest informantar og mest ujamn fordeling blant informantkategoriane. Dette medfører at det skal meir til for å finne statistisk signifikante mønster for denne regionen enn for dei andre.

2.4 Gjennomføring av spørjeundersøkinga og handsaming av resultata i ettertid

Dei fleste av informantane fekk spørjeskjemaet tilsendt i ein konvolutt, og i den var det lagt ved ein frankert svarkonvolutt som vart returnert til oss. Nokre informantar fekk etter eige ønske tilsendt ei lenke på e-post og svarte elektronisk.⁵

Dei fleste svara var uproblematisk å tolke, men eitt og anna var vanskeleg å vurdere. Eitt døme på dette er når informanten har skrive ned ei rimeleg uttale for eit uttrykk, men gløymt å setje kryss for at uttrykket blir nytta i dialekta (det er altså ingen kryss i det heile for svaralternativ 1–3). Eit anna døme er når det er kryssa av for at eit uttrykk blir nytta, men lagt til ei uttale som gjer det klart at informanten har tenkt på eit anna uttrykk enn det vi er ute etter. Ved gløymde kryss, men rett uttale, har vi markert dette som svaralternativ 1 ‘Blir nytta’. Derimot har vi ikkje teke med resultat der uttala viser at informanten har eit anna ord i tankane enn det vi har spurt om; i slike tilfelle har vi endra svaret til alternativ 3 ‘Blir ikkje nytta’. I døme der vi er meir usikre på kva informanten har meint, har vi latt svara stå som dei er heller enn å tolke dei. Eit døme på dette er eit svar om det etterstilte uttrykket *da(m)ma* (< *da må veta*). Svaret skil seg ut ved at det er det einaste av kategori 1 ‘Blir nytta’ i regionen, og informanten har skrive inn uttaleforma *dama*. Vi mistenker at informanten har vokativ-forma av nomenet *dame* i tankane, men kan ikkje vite dette sikkert. Ved å inkludere slike data blir resultata litt mindre “reine” og det blir litt vanskelegare å oppnå statistisk signifikans, men fordelene er at datamaterialet i liten grad er manipulert av oss.

Resultata frå spørjeundersøkinga har blitt handsama av Tekstlaboratoriet og er presenterte i eit brukarvenleg format på nettet. Denne databasen er tilgjengeleg for alle og har namnet *Database for etterstilte småord i norsk (Småord-databasen)* (Borthen, Nøklestad, Søfteland, Karagjosova & Kveen 2018; Borthen 2019).⁶ Ved søk i databasen kan ein sjå resultat for geografisk utbreiing, alder og kjønn. Det kan òg søkast etter kombinasjonar av desse variablane, og ein kan få opp informasjon om rapportert uttale. Idéen med å presentere dialektologiske mønster digitalt, er ikkje unik for prosjektet vårt, men føyer seg inn i ei internasjonal trend (sjå t.d. Elspass & König 2008).

I søkegrensesnittet til Småord-databasen har svaralternativa frå spørjeskjemaet (sjå Figur 1) fått kortare parafrasar; ‘Benyttes’, ‘Benyttes av enkelte’ og ‘Benyttes ikke’, og desse er òg gjort om til talverdiar. Tabell 4 gjev eit oversyn over denne samanhengen.

⁵ Systemet heiter *SoSci Survey*, eit system til ”professional online questionnaires”, sjå <https://www.sosicisurvey.de/>.

⁶ Les meir om Småord-databasen her: <https://www.ntnu.edu/isl/etterstiltesmaord>.

Svaralternativ i spørjeskjemaet		Parafrase i Småord-databasen	Talverdi
1	Ja, dette ordet brukes på denne måten i min dialekt, og jeg bruker det også iblant selv. Det uttales slik: ...	‘Benyttes’ (‘Blir nytta’)	2
2	Dette ordet brukes på denne måten av enkelte som snakker min dialekt, men jeg bruker det sjelden eller aldri selv. Det uttales slik: ...	‘Benyttes av enkelte’ (‘Blir nytta av einskilde’)	1
3	Nei, dette ordet brukes ikke (eller ikke i denne posisjonen i setningen) i min dialekt.	‘Benyttes ikke’ (‘Blir ikkje nytta’)	0

Tabell 4 Parafrase og talverdi for svaralternativa

2.5 Gjennomsnittsverdiar, medianverdiar og statistisk signifikans

I søkegrensesnittet til Småord-databasen finst det informasjon om både medianverdiar og gjennomsnittsverdiar for informantvurderingane. Medianverdiane vil vere anten ‘Blir nytta’, ‘Blir nytta av einskilde’ eller ‘Blir ikkje nytta’ for det utvalet ein har avgrensa søket til. Gjennomsnittsverdiar er rekna ut frå dei tilsvarende talverdiane i Tabell 4. Ein gjennomsnittsverdi opp mot 2 tyder altså på at mange informantar har valt det fyrste alternativet, at uttrykket blir nytta i dialekta, medan ein gjennomsnittsverdi ned mot 0 tyder på at mange har valt det tredje alternativet, at ordet ikkje blir nytta i dialekta.

Gjennomsnittsverdiar kan vere nyttige for å gje eit oversyn over generelle tendensar i resultata. Dette er grunnen til at vi iblant presenterer slike tal. Men ein numerisk skilnad i gjennomsnittsverdi er ikkje nødvendigvis statistisk signifikant; tala kan vere tilfeldige. Dessutan er svaralternativa i spørjeskjemaet vårt i streng forstand ikkje ein numerisk skala, så ei utrekning av statistisk signifikans kan ikkje basere seg på gjennomsnittsverdiar. I Småord-databasen er den geografiske utbreiinga til uttrykka visualisert gjennom pilar i ulike fargar på eit kart over Noreg. Karta er ei grafisk framstilling av gjennomsnittsverdiar, og tek altså ikkje omsyn til statistisk signifikans. Når vi presenterer slike kart og gjennomsnittsverdiar i denne artikkelen, gjer vi det alltid klart kva for mønster som er statistisk signifikante med ein p-verdi lågare enn 0.05 og kva for mønster som ikkje er det.

2.6 Talespråkdatabasane Nordisk dialektkorpus (NDK) og LIA norsk

Som nemnt representerer svara frå spørjeundersøkinga vår rapportert og ikkje faktisk språkbruk, og dette er grunnen til at vi supplerer spørjeundersøkinga med søk i korpus. Til dette har vi først og fremst nytta Nordisk dialektkorpus (NDK) versjon 4.0 (Johannessen et al. 2009; sjå òg Søfteland 2018). Korpuset består av transkriberte opptak som vart samla inn gjennom prosjektet ScanDiaSyn mellom 2006 og 2012, med 438 norske informantar som ytrar til saman i underkant av 2 millionar ord. Hovudmaterialet er samtaler der informantane frå same målepunkt snakkar saman to og to, i tillegg til intervju med ein feltarbeidar. Det er omkring ein time med opptak for kvar informant. Tabell 5 viser kor mange personar det er i kvar informantkategori.

Region	Samla	Kjønn		Alder	
		Kvinne	Mann	Ung (15–30)	Gamal (50+)
Nord-Noreg	109	54	55	53	56
Trøndelag	52	27	25	26	26
Austlandet	132	65	67	64	68
Vestlandet	109	55	54	55	54
Sørlandet	36	18	18	18	18
	438	219	219	216	222

Tabell 5 Fordeling av kvinner og menn og yngre og eldre blant norske informantar i NDK

Transkripsjonen i korpuset er lyd nær, basert på vanleg alfabet, og er også semi-automatisk omsett til ortografisk bokmål i søkegrensesnittet. Transkripsjonane er lenka til lyd og bilete, noko som er særskilt

nyttig når ein studerer pragmatiske partiklar, ettersom uttala kan vere avgjerande for disambiguering. Materialet er dessutan automatisk lemmatisert og tagga for ordklasse og bøyingsform, så det er mogleg å avgrense søk til bestemte syntaktiske kategoriar. Ein kan avgrense søk til ‘segmentfinal’ posisjon, men ein skal vere klar over at dette utelukkar døme med t.d. spørsmålsteikn, lattersiteikn eller nølelydar til sist i ytringa, og døme der ytringa held fram etter den pragmatiske partikkelen.

Noko anna ein må ha i mente når ein søker i korpuset, er at det kan vere skilnader i kor mange ord dei ulike informantgruppene har produsert. Dersom det til dømes skulle vise seg at ein pragmatisk partikkel får langt fleire treff blant dei kvinnelege enn dei mannlege informantane, må ein sjekke om skilnaden i frekvens kan skuldast at kvinnene har produsert fleire ord enn mennene. Spørsmålet må vere kor frekvent eit uttrykk er relativt til den totale mengda med ord for ein informantkategori.

I nokre tilfelle supplerer vi søka våre i NDK med søk i *LIA norsk*-korpuset, som er eit korpus av eldre dialektopptak med 1374 informantar frå 226 kommunar, til saman i underkant av 3,5 millionar ord.⁷ Fødeåret til informantane er mellom 1837 og 1963, og opptaksår er mellom 1937 og 1996. Materialet og søkegrensesnittet er stort sett bygt opp som i NDK, men fordelinga etter geografi, alder og kjønn er ikkje like balansert.

2.7 Nokre hypotesar om rapportert mot faktisk språkbruk

Det er berre delvis overlapp mellom dei informantane som har vore med i spørjeundersøkinga vår og dei som har medverka i NDK (dette gjeld ca. 80 informantar). Når vi undersøker graden av samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk, gjeld det altså ikkje informanten sjølv, men informanten som representant for ein informantkategori. Datamaterialet i dei to kjeldene er samla inn på litt ulike tidspunkt (2006–2012 mot 2014–2018), men vi meiner at informantane i dei to kjeldene er like nok til at det er rimeleg å samanlikne dei.

Eit viktig poeng når det gjeld sambandet mellom rapportert og faktisk språkbruk og tolkinga av resultata, er at det er forskjell på positive og negative funn. Både i spørjeundersøkinga og i korpusundersøkinga reknar vi negative funn, (at uttrykket *ikkje* er nytta eller rapportert som ikkje nytta), som meir usikre enn positive funn, (at uttrykket faktisk er nytta eller rapportert som nytta). Dessutan er det skilnader mellom dei to kjeldene når det gjeld i kva grad ein kan vente positive funn, og kva som kan vere årsaka til manglande positive funn.

I spørjeundersøkinga svarar informantane direkte på spørsmål om alle dei 46 etterstilte uttrykka, både om dei kan bli nytta i dialekta og om dei ikkje kan bli nytta. Men det finst fleire grunnar til at bruken av uttrykk kan bli underrapportert. For det første kan eit spørjeskjema vere utforma på ein måte som favoriserer negative vurderingar (sjå t.d. Schütze 2016). I vårt tilfelle vil det mellom anna vere uheldig dersom ei eksempelsetning er unaturleg for informanten uavhengig av den pragmatiske partikkelen, eller dersom det manglar ein relevant uttalevariant for eit uttrykk. For det andre kan informantar komme til å tolke “blir uttrykket nytta i di dialekt?” som eit spørsmål om kor vidt uttrykket er *typisk* for dialekta, eller dei kan ha eit normativt syn på at eit uttrykk ikkje *burde* bli nytta i dialekta. Dessutan kan informantar komme til å underrapportere bruken av uttrykk fordi dei ikkje har merkt seg at andre med den same dialekta nyttar dei, eller fordi dei er umedvetne om at dei sjølv nyttar dei. Det siste er særleg aktuelt for denne undersøkinga ettersom pragmatiske partiklar korkje har konseptuelt eller sanningsfunksjonelt innhald (sjå Borthen 2018a). Desse aspekta gjer det spesielt interessant å undersøke om negative svar på spørjeskjemaet blir understøtta eller motsagde av førekomstar i talespråkskorpus. At informantar skulle “skryte på seg” bruk av pragmatiske partiklar som eigentleg ikkje er nytta, ser vi derimot som lite sannsynleg. Vi har i utgangspunktet heller ikkje grunnlag for å tru at utforminga av spørjeskjemaet har leidd informantane til å svare at eit uttrykk er i bruk sjølv om det ikkje er det, men som vi skal sjå i Seksjon 3.4, er det kan hende einskilde unnatak.

Med korpusundersøkingar vil eventuelle normative haldningar og manglande metakunnskap om eigen og andres språkbruk i liten grad påverke dataa, men på den andre sida er det nokså tilfeldig kva

⁷ Les meir om LIA norsk her: <https://www.tekstlab.uio.no/LIA/korpus.html>.

som kjem med av språklege fenomen i eit lydopptak på rundt ein time. Pragmatiske partiklar er kjende for å bli påverka av sjanger og formalitetsnivå (sjå spesielt Aijmer 2013), og ein intervju-situasjon eller samtale arrangert av språkvitarar kan nok bli oppfatta som relativt formell. Mange pragmatiske partiklar er dessutan spesielt nyttige i argumentasjon (sjå t.d. Berthelin og Borthen 2019), medan samtalene i NDK er avgrensa til ukontroversielle tema og stort sett prega av skildringar og konsensus. Mangel på førekomstar av pragmatiske partiklar i NDK (og eventuelt LIA norsk) kan difor ikkje takast som prov på at uttrykket ikkje er i bruk hos dei aktuelle informantane eller informantkategoriane. Positive treff, derimot, meiner vi det kan leggjast stor vekt på, for det er liten grunn til å tru at folk vil “fake” bruk av pragmatiske partiklar. Eit unntak er i parodiar, slik det er rapportert om i Unger (2018).

Dersom det er samsvar mellom resultata i dei to kjeldene våre, blir validiteten til konklusjonen naturleg nok styrkt. Men kva om det skulle vise seg å vere diskrepans mellom resultata i dei to kjeldene? Når det gjeld geografi, følgjer det frå det vi har sagt ovanfor at dersom negativ respons i spørjeskjemaet (‘Blir ikkje nytta i dialekta’) blir motsagt av positive funn i korpuset, tyder det på at den rapporterte språkbruken ikkje svarar til faktisk språkbruk, og ein må sjå etter moglege årsaker. Dersom det derimot er positiv respons i spørjeskjemaet (‘Blir nytta i dialekta’) medan det er mangel på, eller meir avgrensa, funn i korpuset, kan dette likevel vere kompatibelt med at rapportert språkbruk i spørjeskjemaet svarar til faktisk språkbruk.

Det stiller seg annleis med forskningsspørsmåla som omhandlar demografiske trekk. Når det gjeld kjønn, har vi i utgangspunktet lite grunnlag for å vente at spørjeskjemaet vil avdekke store skilnader mellom dei to kategoriane. Dei skilnadene mellom kvinner og menn som den tidlegare forskinga har komme fram til, handlar om at uttrykk opptrer med ulik *frekvens* hos dei to kjønna, ikkje at det berre er i bruk hos den eine eller andre kjønnskategorien. Dersom det skulle vise seg at kjønn har ein signifikant effekt på vurderinga av eitt eller fleire uttrykk i spørjeundersøkinga vår, vil dét med andre ord vere nokså overraskande. Eit slikt resultat kan ha minst tre ulike årsaker. Det kan skuldast ulik bruk av eit uttrykk blant kvinner og menn som i sin tur påverkar vurderinga av om uttrykket blir nytta i dialekta, det kan skuldast ulike normative syn på om uttrykket *bør* bli rekna som ein del av dialekta, eller det kan skuldast at spørjeskjemaet (og særleg eksempelsetninga) er utforma på ein måte som gjer det meir naturleg for den eine eller den andre kjønnskategorien å akseptere uttrykket. Dette inneber at eventuelle mønster i spørjeskjemadataa som har med kjønn å gjere, må handsamast med særleg stor varsemnd og helst supplerast med korpusdata før ein kan konkludere.

Når det gjeld eventuelle skilnader mellom yngre og eldre informantar, forventar vi i større grad at dette kan vere ein relevant variabel i spørjeskjemamaterialet. Pragmatiske partiklar er i konstant endring i kanskje endå større grad enn mange andre språklege fenomen. Men ein skilnad mellom yngre og eldre språkbrukarar i *vurderinga* av om eit uttrykk finst i dialekta, treng ikkje nødvendigvis reflektere ulik *bruk* av uttrykket. Det er òg mogleg at yngre og eldre språkbrukarar har ulike normative syn på kva for uttrykk som *bør* reknast som del av dialekta, eller har ulik merksemd overfor fenomenet. Som for kjønnskategoriane er korpusdata difor særleg viktig for å kunne finne ut om eventuelle alderstendensar reflekterer skilnader i faktisk språkbruk eller noko anna.

I neste seksjon presenterer vi resultata frå spørjeundersøkinga og jamfører dei mest interessante (og signifikante) resultata med korpusøk.

3. Resultat

3.1 Geografisk utbreiing

I denne seksjonen presenterer vi resultat som syner i kor stor grad dei etterstilte uttrykka er knytte til ein eller fleire av dei geografiske regionane vi presenterte i Seksjon 2.3. Men før vi går til desse resultata, skal vi sjå på skåren til dei 46 uttrykka i Noreg under eitt, for å få oversikt over kva for uttrykk som er frekvente og kva for uttrykk som er sjeldsynte.

3.1.1 Vanlege og sjeldsynte uttrykk

Tabell 6 er ei rangering av dei 46 etterstilte uttrykka, ordna frå dei som får høgst gjennomsnittleg skår på spørjeundersøkinga (øvtst) til dei som får lågast (nedst). Det er berre tre moglege medianverdiar ut frå svaralternativa i spørjeskjemaet (sjå Tabell 4), nemleg ‘Blir nytta’, ‘Blir nytta av einskilde’ eller ‘Blir ikkje nytta’. Dersom eit uttrykk får medianverdien ‘Blir ikkje nytta’, tyder ikkje det at uttrykket ikkje blir nytta, berre at det er dette svaret dei fleste informantane vel for dialekta si.

	Uttrykk	Gjennomsnitt Noreg	Medianverdi Noreg
1	akkurat	1.902	Blir nytta
2	trur du	1.822	Blir nytta
3	altså	1.811	Blir nytta
4	eller	1.808	Blir nytta
5	men	1.801	Blir nytta
6	så	1.801	Blir nytta
7	at (det)	1.780	Blir nytta
8	trur eg	1.762	Blir nytta
9	da	1.762	Blir nytta
10	liksom	1.759	Blir nytta
11	ikkje sant	1.738	Blir nytta
12	ser det ut til	1.713	Blir nytta
13	rett og slett	1.706	Blir nytta
14	skjønar du	1.678	Blir nytta
15	veit du	1.664	Blir nytta
16	ser du	1.542	Blir nytta
17	kan du skjøne	1.413	Blir nytta
18	vel	1.388	Blir nytta
19	som sagt	1.322	Blir nytta
20	visstnok	1.294	Blir nytta
21	gitt	1.276	Blir nytta
22	nemleg	1.248	Blir nytta
23	mann	1.147	Blir nytta av einskilde
24	sant å seie	1.098	Blir nytta av einskilde
25	visst	1.049	Blir nytta av einskilde
26	jo	1.049	Blir nytta av einskilde
27	veit eg	0.965	Blir nytta av einskilde
28	mun tru	0.951	Blir nytta av einskilde
29	du	0.941	Blir nytta av einskilde
30	skal tru	0.906	Blir nytta av einskilde
31	sant	0.836	Blir ikkje nytta
32	lell	0.790	Blir ikkje nytta
33	san	0.696	Blir ikkje nytta
34	kan du vite	0.563	Blir ikkje nytta
35	radt	0.517	Blir ikkje nytta
36	må vite	0.483	Blir ikkje nytta
37	dei kallar	0.434	Blir ikkje nytta
38	da ma	0.290	Blir ikkje nytta
39	venteleg	0.290	Blir ikkje nytta
40	må tru	0.266	Blir ikkje nytta
41	kar	0.238	Blir ikkje nytta
42	var sant	0.224	Blir ikkje nytta
43	sant vel	0.220	Blir ikkje nytta
44	skal vite	0.206	Blir ikkje nytta
45	er von	0.182	Blir ikkje nytta
46	nett	0.101	Blir ikkje nytta

Tabell 6 Etterstilte uttrykk ordna frå høgst til lågast gjennomsnittleg skår i Noreg

Akkurat er det etterstilte uttrykket som får den høgste gjennomsnittlege vurderinga av informantane i landet under eitt; uttrykket får gjennomsnittskåren 1.902 av maksimalt 2 poeng. Det uttrykket som

får den lågaste gjennomsnittlege skåren, er *nett* med verdien 0.101. Eit etterstilt uttrykk som ligg ein stad midt i mellom, er *visst*, med gjennomsnittsskåren 1.040 og vekslande respons frå informantane.

Søk etter *akkurat* i dei norske kjeldene i NDK og avgrensing til segmentfinal posisjon (for å unngå dei fleste døma på *akkurat* i midtstilt posisjon), gjev 299 treff. Ein manuell gjennomgang av desse treffa viser at det er 14 døme på *akkurat* som etterstilt pragmatisk partikkel, mellom anna dømet i (1).

(1) [vegårshei_03gm]

jo de kann mi vell (.) menn mi ska kje kåmm inn på (.) politikk **akkorat**

‘jo det kan vi vel, men vi skal ikkje komme inn på politikk, akkurat’

Som vi skal sjå seinare, er det andre uttrykk som er langt meir frekvente i NDK, trass i at dei er meir avgrensa geografisk og får lågare gjennomsnittsskår på spørjeskjemaet. Høg gjennomsnittsskår for landet under eitt viser altså at dei fleste av informantane meiner at uttrykket *kan* bli nytta i dialekta i denne posisjonen; om det er *frekvent* eller ikkje, er eit heilt anna spørsmål. Søk etter forma *nett* i NDK gjev 5 treff, men ingen av dei (eller i beste fall berre eitt) er etterstilt, og det er berre 3 døme på trykklett etterstilt *visst*. Desse tala illustrerer at spørjeskjema iblant kan vere meir informative enn korpusundersøkingar, særleg når fenomenet ein vil sjå på, er sjeldsynt, som i dette høvet.

3.1.2 Austlandet

Tabell 7 inneheld dei 27 uttrykka som fekk høgst gjennomsnittsskår blant informantane på Austlandet jamført med informantane i andre regionar. Dei 15 uttrykka som er skrivne i feit skrift øvst i tabellen, er dei som gjev opphav til statistisk signifikante skilnader mellom regionane i kolonnen ‘Mest rapportert’ og ‘Minst rapportert’. Verdien i kolonnen ‘Signifikans’ syner den høgste signifikansverdien mellom kvart av para i kolonnane ‘Mest rapportert’ og ‘Minst rapportert’. Dei andre verdiane er lågare og difor endå meir tydelege. Så lenge p-verdien er lågare enn 0.05, er resultatet signifikant. Kolonnen til høgre gjeld korpusdata frå NDK eller Lia norsk, og viser om tendensane frå spørjeundersøkinga er dei same i korpusa.

	Uttrykk	Mest rapportert	Minst rapportert	Signifikans	Samsvar korpusdata
1	radt	Austlandet	Trøndelag, Vestlandet, Nord-Noreg, Sørlandet	$p \leq 1e^{-07}$	Ja
2	da ma	Austlandet	Trøndelag, Vestlandet, Sørlandet, Nord-Noreg	$p \leq 0.0152$	Ja
3	gitt	Austlandet, Trøndelag	Vestlandet, Sørlandet, Nord-Noreg	$p \leq 0.0238$	Ja
4	er von	Austlandet, Trøndelag	Nord-Noreg, (Sørlandet) ⁸	$p \leq 0.0089$	Ja
5	veit eg	Austlandet, Vestlandet	Nord-Noreg, Sørlandet	$p \leq 0.0150$	Ja
6	må vite	Austlandet, Vestlandet	Trøndelag, Nord-Noreg	$p \leq 0.0369$	Ja/ få døme
7	sann	Austlandet	Sørlandet, Vestlandet, Nord-Noreg	$p \leq 0.0390$	Ja/ få døme
8	kar	Austlandet, Vestlandet, Trøndelag	Nord-Noreg, (Sørlandet) ⁹	$p \leq 0.0397$	Ja/ få døme
9	kan du vite	Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag	Nord-Noreg	$p \leq 0.0041$	Ja
10	ser du	Austlandet, Trøndelag, Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.0021$	Ja
11	visst	Austlandet, Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.0002$	Ja/ få døme
12	vel	Austlandet, Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.0030$	Ikkje testa
13	veit du	Austlandet, Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.0035$	Ikkje testa
14	da	Austlandet	Nord-Noreg	$p = 0.0008$	Ikkje testa
15	men	Austlandet	Vestlandet, Nord-Noreg	$p \leq 0.0035$	Ikkje testa
16	ser det ut til	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.058$	-
17	var sant	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.21$	-
18	dei kallar	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.27$	-
19	eller	Austlandet	Trøndelag	$p = 0.32$	-
20	liksom	Austlandet	Nord-Noreg	$p = 0.35$	-
21	rett og slett	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.45$	-
22	mun tru	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.53$	-
23	altså	Austlandet	Trøndelag	$p = 0.76$	-
24	skal vite	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.80$	-
25	visstnok	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.83$	-
26	nemleg	Austlandet	Sørlandet	$p = 0.94$	-
27	akkurat	Austlandet	Sørlandet	$p = 1.00$	-

Tabell 7 Etterstilte uttrykk med høgst gjennomsnittleg skår på Austlandet

I tabell 7 ser vi at det er ein statistisk signifikant skilnad mellom den rapporterte bruken av *radt* på Austlandet samanlikna med dei fire andre regionane. Det same gjeld for *da ma*. *Radt* og *da ma* er dei to uttrykka som er mest tydeleg knytte til Austlandet. Eit anna uttrykk med ein markant geografisk profil, er *gitt*, som får signifikant høgre skår på Austlandet og i Trøndelag enn i dei tre andre regionane.

Diagram 1–3 nedanfor viser den prosentvise fordelinga av svara i dei fem regionane, og Kart 1–3 den meir detaljerte geografiske utbreiinga. Kvite pilar på karta tyder at uttrykket i hovudsak blir rapportert som nytta på den staden pila er plassert, svarte pilar tyder på at uttrykket i hovudsak ikkje

⁸ Skilnaden mellom Sørlandet på den eine sida og Austlandet og Trøndelag på den andre når det gjeld uttrykket *er von*, er ikkje statistisk signifikant ($p = 0.114/0.052$), men vi tillét oss å ha med Sørlandet i parentes i kolonnen 'Minst rapportert' ettersom ingen informantar frå Sørlandet rapporterer at dei nyttar uttrykket.

⁹ Skilnaden mellom Trøndelag og Sørlandet når det gjeld uttrykket *kar* er ikkje statistisk signifikant ($p = 0.089$), men vi har likevel Sørlandet med i parentes i kolonnen 'Minst rapportert' ettersom ingen informantar frå Sørlandet rapporterer at dei nyttar uttrykket.

blir rapportert som nytta, medan grå pilar tyder at uttrykket i nokon grad blir rapportert som nytta.¹⁰ Fargene på karta og i tabellane heng saman: Dess ljosare, dess meir rapportert som nytta, dess mørkare, dess mindre rapportert som nytta.




Diagram 4 Etterstilt *radt*




Diagram 5 Etterstilt *da ma*





Diagram 6 Etterstilt *gitt*



Kart 4 Etterstilt *radt*



Kart 5 Etterstilt *da ma*



Kart 6 Etterstilt *gitt*

For både *radt*, *da ma* og *gitt* er det informantane på Austlandet som i størst grad rapporterer at dei nyttar uttrykka, men vi ser òg at uttrykka skil seg frå kvarandre med omsyn til den meir presise heimfestinga.

Dersom ein søker på forma *radt* i ortografisk transkripsjon i NDK, kjem det berre opp eitt treff, medan det er 3 relevante treff på forma *ratt*. Til saman er det altså 4 døme på etterstilt *radt*. Desse finn vi i Lom, Rollag og Skreia, altså på Austlandet, noko som stemmer med funnet frå spørjeundersøkinga. To av døma frå korpuset er vist i (2).

(2) a. [lom_02uk]

¹⁰ Fargen på pilane svarar til det gjennomsnittlege svaret til informantane på eit målepunkt. Ein gjennomsnittsverdi som blir avrunda til 0, gjev svart pil, ein gjennomsnittsverdi som blir avrunda til 1, gjev grå pil, medan ein gjennomsnittsverdi som blir avrunda til 2, gjev kvit pil.

månne gonng e ha hørt at (.) kæn du kje si detta dær æin gonng te si demm (.) **ratt**
demm såmm kjem frå uttate

‘mange gonger eg har høyrte at “kan du ikkje seie detta der ein gong til” seier dei, radt, dei
som kjem frå utantil’

b. [skreia_04gk]

de bi vell mer snø te natt'n **ratt** (.) å da lyt n kjøre snøfræsærn imårå å

‘det blir vel meir snø til natta, radt, og da må ein køyre snøfresaren i morgon òg’

Søk på *ma* og ulike uttalevarianter av *da ma* gjev 21 relevante treff i NDK. Treffa er fordelte på stadene Brekkom, Gausdal, Jevnaker, Kirkenær og Skreia, altså igjen på Austlandet. Dette er omtrent som forventa ut frå spørjeundersøkinga, bortsett frå at den geografiske utbreiinga er noko snevrare i korpuset. To av døma er presenterte i (3).

(3) a. [brekkom_02uk]

næi (.) menn de har messomm vori varnt læll **da ma** omm de ha vorri dåle vær

‘nei, men det har liksom vore varmt lell, da ma, om det har vore dårleg vær’

b. [gausdal_01um]

ja (.) de æ du l- du lyt åt Lillehammer **da ma**

‘ja, det er du ... du må til Lillehammer, da ma’

Søk etter forma *gitt* og relevante uttalevarianter i NDK gjev 79 treff, fordelte på følgjande stader:

- AUSTLANDET (73): Alvdal, Aremark, Brekkom, Brunlanes, Dalsbygda, Darbu, Enebakk, Flå, Hof, Jevnaker, Kirkenær, Rena, Rømskog, Rollag, Skreia, Stange, Sylling
- TRØNDELAG (4): Bjugn, Gauldal, og Meråker
- VESTLANDET (2): Bud, og Todalen¹¹

Desse resultata seier ikkje imot resultata frå spørjeundersøkinga; både i NDK og i spørjeundersøkinga står *gitt* sterkast på Austlandet, følgt av Trøndelag og Vestlandet. Austlandet og Trøndelag kjem nokså likt ut i spørjeundersøkinga, men det er stor skilnad mellom regionane når det gjeld frekvens i korpuset og relativ frekvens per ord; 73 av 79 treff med *gitt* i NDK er ytra av informantar frå Austlandet. Blant informantane i NDK som nyttar *gitt*, er det tre “superbrukarar” frå Austlandet med meir enn 5 førekomstar av uttrykket, men dette kan ikkje forklare skeivfordelingane. Desse tala stadfester at kjerneområdet til *gitt* er Austlandet. (4) viser to døme frå NDK.

(4) a. [enebakk_04gk]

ja de væit je ness'n itte å jæ ska svara på **gitt**

‘ja det veit eg nesten ikkje kva eg skal svare på, gitt’

b. [bud_01um]

næi (.) Pærradæis de ser i kje på **gett**

‘nei, Paradise, det ser eg ikkje på, gitt’

Som det kjem fram av Tabell 6, er det ikkje berre *radt*, *da ma* og *gitt* i spørjeundersøkinga som skil seg ut ved å få den høgste gjennomsnittskåren på Austlandet. Diagram 4–6 og Kart 4–6 framstiller resultata for *er von*, *sann* og *kar* grafisk.

¹¹ Todalen ligg i det trønderske målområdet, og Bud ligg nære grensa for det trønderske målområdet.




Diagram 4 Etterstilt er von




Diagram 5 Etterstilt sann





Diagram 6 Etterstilt kar



Kart 4 Etterstilt er von



Kart 5 Etterstilt sann



Kart 6 Etterstilt kar

I den grad det er døme på desse uttrykka i korpusa, stør dei opp om tendensane frå spørjeundersøkinga. I NDK får ein ingen treff på korkje *er det von*, *er von*, *evon* eller *von*, men det er 20 treff på forma *avon* i den ortografiske transkripsjonen, alle frå Lom.¹² Vi har derimot ikkje funne døme på *kar* som etterstilt pragmatisk partikkel i NDK, berre eitt døme i LIA norsk. Dette dømet er ytra av ein informant frå Hyllestad (Vestlandet), men dette er ikkje overraskande ettersom Vestlandet grupperer seg saman med Austlandet når det gjeld rapportert bruk av *kar*. Også belegga på etterstilt *sann* er få. Dersom ein ser bort frå faste uttrykk som *hei sann* og *ohoi sann*, er det berre tre døme, frå Austlandet og Trøndelag, omtrent som venta.¹³ I (5) ser vi korleis *er von*, *kar* og *sann* kan bli nytta.

- (5) a. [lom_02uk]
ja (.) de bLi ve fæLLåg te påsska aon

¹² I Norsk Ordbok står det om substantivet *von* at den eine tydinga er 'det at ein meiner å vita, venta el kjenna på seg noko; aning'. Dette er truleg den tydinga som er opphavet til den etterstilte bruken, men ordboka nemner ikkje etterstilt posisjon eller andre uttalevariantar, som til dømes *e'von*, og har inga heimfesting for uttrykket.

¹³ Norsk Ordbok skriv at etterstilt *sann* er ei samantrekt form av *sa han*, og ordet er normert til *san*. Døma i Norsk Ordbok er frå litterære kjelder og uttrykket blir ikkje heimfesta.

‘ja, det blir vel ferdig til påska, er von’¹⁴

- b. [hyllestad]
ja va ett å ett styggarrbei **kar**
‘Ja, (det) var eit styggarbeid, kar’
- c. [hemsedal]
då (.) va nå denn såga slutt **sann**
‘då var no den soga slutt, sann’

Blant uttrykka som får signifikant høgre gjennomsnittskår på Austlandet enn i einiskilde andre regionar, finn vi òg *veit eg*, *kan du vite*, *ser du*, *må vite* og *visst* (jf. Tabell 7). Desse uttrykka får stort sett lågare i Nord-Noreg (og dels på Sørlandet) enn på Austlandet (og iblant Vestlandet og/eller Trøndelag). Resultata frå spørjeundersøkinga blir stadfesta av søk i NDK. Vi har funne 18 døme på etterstilt trykklett *veit eg* i NDK, 11 frå Austlandet, 4 frå Vestlandet og 3 frå Trøndelag, nett som ein kunne vente seg ut frå spørjeskjemaresultata. Vi har funne to døme på etterstilt *kan du vite*, eitt frå Kalvåg (Vestlandet) og eitt frå Vang (Austlandet), og som forventa ingen frå Nord-Noreg. Det same mønsteret finn vi i *LIA norsk*-korpuset, der det er 17 treff på etterstilt *kan du vite*, men ingen frå dei nordlegaste fylka. Etterstilt *ser du* har til saman 66 treff i NDK, og av desse er 48 ytra av informantar frå Austlandet, medan berre 3 er frå Nord-Noreg.¹⁵ Sjølv med atterhald om at det er fleire informantar frå Austlandet enn frå Nord-Noreg (139 mot 102, jf. Tabell 5), er korpusresultata slåande like resultata frå spørjeundersøkinga. Det same gjeld for trykklett etterstilt *visst*, som vi finn tre døme på i NDK, to frå Austlandet og eitt frå Vestlandet. *Må vite* må ein leite godt for å finne døme på. Det er verken treff på *må vite* eller *må vete*; berre på fonetisk form *måta*. Det er 7 døme med *da måta* i NDK, alle frå Lom (Austlandet) og eitt døme med *måta* frå Flå (Austlandet) i *LIA norsk*. Med andre ord, dei få døma vi finn, stør opp om resultatet frå spørjeundersøkinga som knyt etterstilt *må vete* spesielt til Austlandet. (6) viser korleis dei fem uttrykka *veit eg*, *kan du vete*, *ser du*, *visst* og *må vite* kan bli nytta i etterstilt posisjon.

- (6) a. [selbu_03gm]
du te væL me dæ spælle **vet e**
‘du tek vel med deg spelet, veit eg?’
- b. [kalvaag_03gm]
å honn hadde store problema **kann du vete**
‘og ho hadde store problem, kan du vete’
- c. [brekkom_04gk]
ja hann ska nåkk være mæ **se ru**
‘ja, han skal nok vere med, ser du’
- d. [fusa_03gm]
da va hæilt fåfærdli **visst**
‘Det var helt forferdelig, visst’
- e. [flaa]
støkkkan va tonnge såmm stein (.) så te sjlutt gredd ikkje hesst'n å dra lasse **måtta**
‘stokkane var tunge som stein, så til slutt greidde ikkje hesten å dra lasset, må vete’

I sum har vi vist at 15 etterstilte uttrykk får høgre gjennomsnittskår i spørjeundersøkinga blant informantar frå Austlandet enn blant informantar frå ein del andre regionar, og søk i korpusa NDK og *LIA norsk* har styrkt desse resultata. *Radt* og *da ma* skil seg ut som dei to klart mest framstående

¹⁴ I NDK er *er von* normert til *avon* i den ortografiske transkripsjonen.

¹⁵ Etterstilt *ser du* blir handsama i meir detalj i Askeland (2020) og Sjøfteland og Borthen (2018) ser spesielt på den midt-norske varianten *sjø*.

austlandske partiklane, saman med *gitt* og *er von*, som er tydeleg nærare knytte til Austlandet og (i nokon mindre grad) Trøndelag enn til andre regionar. Også etterstilt *veit eg*, *sann*, *kar* og *må vite* ser ut til å vere mest nytta på Austlandet, men særleg dei tre siste er sjeldsynte uttrykk med få døme i korpus. Dei etterstilte uttrykka *veit eg*, *kan du vite*, *ser du* og *visst* får signifikant lågare skår i Nord-Noreg (og dels på Sørlandet) enn på Austlandet (og iblant Vestlandet og/eller Trøndelag). Etterstilt *vel*, *veit du*, *da* og *men* får òg signifikant høgare vurdering blant informantar frå Austlandet enn frå Nord-Noreg på spørjeundersøkinga vår, men desse frekvente uttrykka har vi ikkje testa gjennom korpussøk.¹⁶

3.1.2 Trøndelag

Tabell 8 inneheld dei 5 uttrykka som fekk den høgste gjennomsnittlege skåren blant informantane i Trøndelag jamført med andre regionar. Som vi ser, er det berre *lell* og *venteleg* som gjev statistisk signifikante resultat.

	Uttrykk	Mest rapportert	Minst rapportert	Signifikans	Samsvar korpusdata
1	lell	Trøndelag	Austlandet, Vestlandet, Nord-Noreg, Sørlandet	$p \leq 0.007$	For ordforma: ja, men ikkje i etterstilt posisjon
2	venteleg	Trøndelag	Austlandet, Vestlandet, Nord-Noreg, Sørlandet	$p \leq 0.001$	Ja
3	som sagt	Trøndelag	Sørlandet	$p = 0.111$	-
4	må tru	Trøndelag	Sørlandet	$p = 0.52$	-
5	trur du	Trøndelag	Sørlandet	$p = 0.93$	-

Tabell 8 Uttrykk med høgst gjennomsnittleg skår i Trøndelag

Trøndelag er òg kjent for den pragmatiske partikkelen *sjø*. Borthen og Søfteland (2018) fann omkring 400 døme i NDK på *sjø/sju/sje*, stort sett ytra av informantar frå Trøndelag eller Nord-Møre. Men i og med at *sjø* er ei samantrekt form av *ser du* (uttrykket blir òg uttala *sju /sjer du/ sjeru/ sjuddu* av informantane våre i Trøndelag), er denne forma ein del av resultata for *ser du* i denne undersøkinga, og *ser du* fekk høgst gjennomsnittsskår på Austlandet.

Resultata for *lell* og *venteleg* er presenterte i Diagram 7 og 8 og Kart 7 og 8. For samanlikninga si skuld, har vi òg med resultata for eitt av uttrykka som ikkje gjev opphav til signifikante mønster, etterstilt *som sagt*.

¹⁶ Det at *da* får signifikant lågare skår på spørjeundersøkinga i Nord-Noreg enn på Austlandet, er interessant, for det finst mykje litteratur om etterstilt *da*, men dialektvariasjon har aldri vore eit tema (sjå t.d. Fretheim 1989, 2014; Borthen 2014; Urbanik 2018).




Diagram 7 Etterstilt *lell*




Diagram 8 Etterstilt *venteleg*






Diagram 9 Etterstilt *som sagt*



Kart 7 Etterstilt *lell*



Kart 8 Etterstilt *venteleg*



Kart 9 Etterstilt *som sagt*

Diagram 7 og Kart 7 viser at *lell* stort sett ikkje blir rapportert som nytta i Nord-Noreg og på Sørlandet. Derimot blir uttrykket rapportert som nytta gjennomgåande av informantane i Trøndelag, ein god del av informantane på Austlandet og av einskilde informantar på Nordvestlandet. I NDK er det 49 treff på forma *lell* i NDK, 14 på Austlandet, 27 i Trøndelag og 8 på Vestlandet. I tillegg finn ein omkring 20 fleire døme om ein søker på fonetisk form *læll* (leksem 'likevel'), dei fleste i Trøndelag. Desse tala er som venta ut frå spørjeundersøkinga og Kart 7, men berre tre av døma er den etterstilte, trykklette varianten som vi er ute etter. Dei tre døma er frå Rena og Trysil, altså frå Austlandet. Søk etter *lell* i LIA norsk gjev 70 treff, ytra av informantar frå Trøndelag, Austlandet og Nordmøre. Blant desse er fire døme på den etterstilte trykklette varianten, frå Rendal, Lesja og Engerdal, altså Austlandet. Vi har altså ikkje funne trykklett etterstilt *lell* andre plassar enn på Austlandet i våre data. (7) viser to av desse.

- (7) a. [rena_04gk]
je va ee bare ee ællminnli ee hemm me ee en lit'n pottetåker å (.) litt sånn (.) lit'n
kjøkkenhage da kann du seia (.) så de var ingen gaL **læll**

‘eg var e bare e alminneleg e heim med e ein liten potetåker og litt sånn liten kjøkkenhage, da kan du seie, så det var ingen gard, lell’

b. [trysil_04gk]

næi de vi fekk da nå s- no menn de va itt no sjlekkt vållsomt bet **lell**

‘nei det vi fekk da no s- noko, men det var ikkje noko slikt valdsamt bit, lell’

I desse døma er *lell* trykklett (utan ordaksent) og tydinga ser ut til å vere noko annleis enn for *likevel* (sjå Seksjon 3.4 seinare).

Ut frå spørjeundersøkinga og korpusdataa meiner vi det er trygt å konkludere med at uttalevarianten *lell/læll* av adverbet ‘likevel’ blir nytta mest i Trøndelag og på Austlandet, men når det gjeld den trykklette, etterstilte varianten, er resultata usikre. Vi kan ikkje vite om informantane som har kryssa av for at etterstilt *lell* kan bli nytta i dialekta, har hatt den trykksterke eller trykklette varianten i tankane, og eit korpusmateriale med til saman 7 døme frå Austlandet og ingen i Trøndelag er for lite å konkludere ut frå. Men dersom tala frå NDK er representative, kan det sjå ut til at folk på Austlandet er meir tilbøyelege enn andre til å plassere *lell* i etterstilt posisjon med trykklett realisering.

Som vi ser i Diagram 8 og Kart 8 er *venteleg* mindre vanleg enn *lell*, men rapportert mest i bruk i Trøndelag, igjen med tilnærma ingen rapportert bruk i sør og nord. Vi finn eitt døme på *venteleg* i NDK (sjå (8a)) og 7 døme på etterstilt *venteleg* i LIA norsk; 6 frå Trøndelag og eitt frå Nordmøre (sjå (8b)). Igjen er korpusmaterialet lite, men det vi finn, er i tråd med resultata frå spørjeundersøkinga.

(8) a. [inderøy_04gk]

hann ska vårrå innstruktør hann da **venntle**

‘han skal vere instruktør han da, venteleg’

b. [høylandet]

menn så ha no (.) tjuven jømmmt se da hannj ha no fått onn samvittiheit **venntjeli**

‘men så hadde no tjuven gøyymt seg da, han hadde nå fått vondt samvit, venteleg’

Ifølgje Tabell 8 har *som sagt* ingen spesiell geografisk profil ut frå spørjeundersøkinga, og dette kjem òg fram i Diagram 9 og Kart 9. I NDK finn vi ingen døme på etterstilt *som sagt*, men det er ein heil del treff i LIA norsk. Desse treffa er fordelte over heile landet, slik ein kan vente seg ut frå spørjeundersøkinga vår.

Oppsummert er *venteleg* og *lell* dei to einaste av dei 46 uttrykka vi har undersøkt, som i særleg grad er knytte til Trøndelag ifølgje spørjeundersøkinga vår. For etterstilt *venteleg* er dette resultatet stadfesta av data frå korpus. Derimot kan det sjå ut til at det berre er på Austlandet ein nyttar den trykklette etterstilte varianten av *lell*; her treng vi meir forskning. Frå før er det kjent at uttalevariantane *sjø/sju* og liknande av uttrykket *ser du* er typisk for det trønderske målområdet (sjå Borthen og Søfteland 2018; Askeland 2020).

3.1.3 Vestlandet

Tabell 9 inneheld dei 9 uttrykka som fekk høgst gjennomsnittskår på Vestlandet.

	Uttrykk	Mest rapportert	Minst rapportert	Signifikans	Samsvar korpusdata
1	nett	Vestlandet	Austlandet, Nord-Noreg, (Sørlandet)	$p \leq 0.0051$	Få dømme
2	så	Vestlandet	Austlandet, Nord-Noreg, Sørlandet	$p \leq 0.0262$	Ikkje testa
3	sant vel	Vestlandet, Sørlandet	Nord-Noreg, Austlandet	$p \leq 0.0085$	Ja
4	sant	Vestlandet, Nord-Noreg, Trøndelag	Austlandet	$p \leq 0.0022$	Ja
5	ikkje sant	Vestlandet	Sørlandet, Trøndelag	$p \leq 0.039$	Delvis; Nord-Noreg og Vestlandet dominerer
6	at (det)	Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.0057$	Ikkje testa
7	trur eg	Vestlandet	Nord-Noreg	$p \leq 0.039$	Ikkje testa
8	mann	Vestlandet	Sørlandet	$p = 0.064^{17}$	Ja, same tendens
9	du	Vestlandet	Nord-Noreg, Sørlandet	$p = 0.25$	-

Tabell 9 Uttrykk med høgst gjennomsnittleg skår på Vestlandet

Det er signifikante skilnader for 7 av uttrykka, men ingen av dei har ein like tydeleg geografisk profil som *radt* og *da ma* for Austlandet eller *venteleg* for Trøndelag. Det er ingen uttrykk som får signifikant høgare skår på Vestlandet enn i alle dei resterande fire regionane.

Både etterstilt *nett* og *så* blir rapportert som nytta av signifikant fleire informantar på Vestlandet enn på Austlandet, Nord-Noreg og Sørlandet, og for *at (det)* og *trur eg* er det ein signifikant skilnad mellom svara til informantane på Vestlandet og i Nord-Noreg. *Nett* er det så å seie ingen dømme på i korpusa, medan dei tre andre ordformene er så frekvente at vi overlèt til vidare forskning å gjere ei korpusundersøking av dei. (9) gjev eit dømme på *at(te)* i bruk.

(9) [fusa_01um]

ja å dæi finne på så mysje (.) ækkelt **atte**
‘ja, og dei finn på så mykje ekkelt, at det’

Vi skal sjå nærare på dei tre siste uttrykka i Tabell 9, nemleg *sant*, *sant vel* og *ikkje sant*. Resultata for desse uttrykka er samanlikna i Diagram 10–12 og Kart 10–12.

¹⁷ Resultatet for etterstilt *mann* er nær signifikant. I *LIA norsk*-korpuset er det 6 dømme på etterstilt *mann*, og 5 av desse er frå Vestlandet (Bergen, Høyanger, Laksevåg). Det kan hende at etterstilt *mann* i spørjeskjemaet er blitt forstått som vokativen *mann* av mange informantar, og at uttrykket difor har fått ei vidare geografisk distribusjon enn det som er reelt for partikkelfunksjonen. Sjå drøfting i Seksjon 3.4.




Diagram 10 Etterstilt *sant vel*




Diagram 11 Etterstilt *sant*




Diagram 12 Etterstilt *ikkje sant*



Kart 10 Etterstilt *sant vel*



Kart 11 Etterstilt *sant*



Kart 12 Etterstilt *ikkje sant*

Sant vel er det av desse uttrykka som er minst utbreidd ifølgje spørjeundersøkinga, og dette blir stadfesta av korpussøk. Det er to treff på samanstillinga *sant vel* i NDK, frå Karmøy og Stavanger (Vestlandet), og eitt av dei er etterstilt. I LIA norsk er det 11 treff på etterstilt *sant vel*, 10 frå Stavanger (Vestlandet) og eitt frå Søgne (Sørlandet). I sum samsvarar korpusdataa for *sant vel* med resultatane frå spørjeundersøkinga, berre med litt snevrare dokumentert geografisk utbreiing enn det spørjeundersøkinga avdekkjer.

Når det gjeld etterstilt *sant* åleine, får òg dette uttrykket høgst gjennomsnittskår på Vestlandet, men det blir rapportert som nytta i fleire regionar enn *sant vel*, særleg langs kysten av Trøndelag og Nord-Noreg. Austlandet skil seg ut som den regionen der uttrykket får lågast gjennomsnittskår. I NDK er det 423 treff på *sant* i segmentfinal posisjon. Dei fleste er del av uttrykket *ikkje sant* eller *det er sant*, men 116 treff er etterstilt trykkledd *sant*. Blant dei 116 treffa er det to døme frå Vegårshei i Aust-Agder, elles er alle treffa langs kysten av Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg, noko som støttar opp om resultatane frå spørjeundersøkinga. (10) viser fire av korpustreffa for *sant* og *sant vel*.

- (10) a. [stavanger_01um]
ja **sannt vell** de bler jo litt sånn asså (.)

- ‘ja, sant vel, det blir jo litt sånn altså ...’
- b. [stavanger]
så får vi jo sjåkk **sant vel**
‘så får vi jo sjokk, sant vel’
- c. [bergen_04gk]
va nåkken så så deg vett du **sant**
‘var nokon som såg deg, veit du, sant’
- d. [kirkenes_02uk]
å så e hann kjækk **sant**
‘og så er han kjekk, sant’

Som vi kan sjå ved å samanlikne Kart 11 og 12, er etterstilt *ikkje sant* klart meir utbreidd enn etterstilt *sant*.¹⁸ Tendensane for *ikkje sant* får ein òg delvis stadfesta gjennom søk i NDK, der det er 207 treff som fordeler seg over heile Noreg (segmentfinal posisjon). I NDK er det færrest døme på *ikkje sant* blant informantane frå Trøndelag, noko som stemmer med at Trøndelag har lågaste gjennomsnittsskår i spørjeundersøkinga (jf. Diagram 12). I motsetnad til det ein kanskje kunne vente seg ut frå Diagram 12, står *ikkje sant* informantar frå Vestlandet for dei fleste døma på *ikkje sant* i NDK; der er det informantane frå Nord-Noreg som dominerer. I NDK er det 85 døme på *ikkje sant* frå Nord-Noreg (109 informantar i regionen) medan det er 30 døme frå Vestlandet (52 informantar i regionen), og same tendens får ein om ein reknar på frekvens per ord. Desse tala understrekar det vi framheva tidlegare om at spørjeundersøkinga *ikkje* får fram om uttrykket det blir spurt om er frekvent i bruk eller *ikkje*. Ut frå korpusdataa er det Nord-Noreg heller enn Vestlandet som står fram som kjerneområde for *ikkje sant*, ved at mange informantar nyttar uttrykket, og ved at uttrykket førekjem med høg frekvens hos ein del av dei.

Det er altså 7 etterstilte uttrykk som har Vestlandet som kjerneområde dersom spørjeundersøkinga vår er representativ, nemleg *nett*, *så*, *sant vel*, *sant*, *ikkje sant*, *at (det)* og *trur eg*. Men desse uttrykka er *ikkje* like stad-bundne som *radt* og *da ma* for Austlandet og *venteleg* for Trøndelag. For *sant vel* og *sant* blir tendensane på spørjeundersøkinga stadfesta av førekomst i NDK og LIA norsk, medan det har vist seg at *ikkje sant* blir nytta hyppigare av informantar frå Nord-Noreg enn av informantar frå Vestlandet i NDK. Etterstilt *nett*, *at (det)*, *så* og *trur eg* har vi *ikkje* funne prov for gjennom korpusøk.

3.1.4 Nord-Noreg

Skal tru er det av dei 46 etterstilte uttrykka som ifølgje spørjeundersøkinga er mest tydeleg knytt til Nord-Noreg, jf. Tabell 10 nedanfor. I tillegg får etterstilt *skjønar du* og *kan du skjønne* høgst gjennomsnittleg skår i Nord-Noreg, men desse tala er *ikkje* statistisk signifikante. Ingen av dei 46 uttrykka får signifikant høgre skår i Nord-Noreg enn i heile resten av landet. Diagram 13 og Kart 13 viser resultatata for *skal tru*.

	Uttrykk	Mest rapportert	Minst rapportert	Signifikans	Stødd av korpusdata
1	skal tru	Nord-Noreg, Vestlandet	Austlandet, Sørlandet	p ≤ 0.0002	Ja
2	skjønar du	Nord-Noreg	Vestlandet, Sørlandet	p = 0.74	-
3	kan du skjønne	Nord-Noreg	Austlandet, Vestlandet, Sørlandet	p = 0.93	-

¹⁸ Kan hende ser det underleg ut at *ikkje sant* får lågast skår i Trøndelag av alle regionane, medan *sant* blir nytta i relativt stor grad i Trøndelag. Ein mogleg årsak til dette er at ein har det etterstilte uttrykket *sant ja* i Trøndelag. Dersom *sant ja* har om lag same funksjon som *ikkje sant*, kan det forklare at *ikkje sant* får nokså låg skår i Trøndelag. *Sant ja* var *ikkje* med i undersøkinga vår.

Tabell 10 Uttrykk med høgst gjennomsnittleg skår i Nord-Noreg





Diagram 13 Etterstilt skal tru



Kart 13 Etterstilt skal tru

I NDK er det ingen treff på etterstilt *skal tru*, men det er 7 tilfelle med kombinasjonen *skal tru* i setningsintern posisjon, alle ytra av informantar frå vestkysten av Nord-Noreg. I LIA norsk er det 41 døme med *skal tru*, alle langsmed vestkysten av Noreg, og tre fjerdedelar frå Nordland, Troms og Finnmark. Tre av døma er etterstilte, og i (11) ser vi to av desse.

- (11) a. [bømlø]
 tjem ittje havguola svala **skall tru**
 ‘kjem ikkje havgula svalar, skal tru’
 b. [hadsel]
 e e de stænngt ee dær på Mællbokontore nu (.) **ska tru**
 ‘er det stengt der på Melbu-kontoret no, skal tru’

I sum viser korpusdataa den same tendensen som spørjeundersøkinga, nemleg at etterstilt *skal tru* har ein spesielt solid posisjon i Nord-Noreg og dels på Vestlandet. I tillegg skal vi hugse på at *ikkje sant* står sterkt i Nord-Noreg i tillegg til på Vestlandet ifølgje korpusundersøkinga vår (sjå Seksjon 3.1.3).

3.1.5 Sørlandet

Berre to etterstilte uttrykk får den høgste gjennomsnittsskåren av informantane frå Sørlandet, *jo* og *sant å seie*, men ingen av desse tala er statistisk signifikante, jf. Tabell 11. Vi skal likevel sjå på fordelinga av svara for *jo* i Diagram 14 og Kart 14.

	Uttrykk	Mest rapportert	Minst rapportert	Signifikans	Stødd av korpusdata
1	jo	Sørlandet	Nord-Noreg	p = 0.74	Nei/få døme
2	sant å seie	Sørlandet	Nord-Noreg	p = 0.47	-

Tabell 11 Uttrykk med høgst gjennomsnittleg skår på Sørlandet

Ut frå Kart 14 ser vi at etterstilt *jo* får særleg høg skår i områda rundt Oslo og nedover langs kysten til Kristiansand, og Sørlandet den einaste regionen der eit klart fleirtal av informantane aksepterer *jo* som etterstilt uttrykk (jf. Diagram 14). Men tala er ikkje statistisk signifikante for Sørlandet. I NDK er det berre 4 eksempel med etterstilt *jo*, frå Drevsjø, Lommedalen og Karmøy, altså ingen døme frå

Sørlandet. Dermed kan vi ikkje knyte etterstilt *jo* meir til Sørlandet enn dei fire andre regionane ut frå desse tala. I Seksjon 4 skal vi sjå at ein meir relevant parameter for *jo* er alder.





Diagram 14 Etterstilt *jo*



Kart 14 Etterstilt *jo*

Vi konkluderer med at ingen av dei 46 etterstilte uttrykka vi har undersøkt, har Sørlandet som kjerneområde. Dette kan ha å gjere med at talet på informantar frå Sørlandet var det lågaste i undersøkinga vår, noko som gjer at det skal mykje til for å få signifikante resultat for denne regionen.

3.1.6 Oppsummering geografi

Geografi er som venta ein viktig parameter for ein god del av dei 46 etterstilte uttrykka vi har undersøkt (jf. Tabell 7–11). I alt har 25 av uttrykka geografisk region som ein signifikant parameter. Det finst òg uttrykk som får liknande skår over heile landet, og det finst uttrykk som får signifikant lågare vurderingar i éin region samanlikna med dei resterande. Sambandet mellom etterstilte uttrykk og regionar er sjeldan ein-til-ein, men litt forenkla kan vi summere opp med følgjande oversyn over uttrykk og kjerneområde:

AUSTLANDET:	<i>radt, da ma, gitt, er von, veit eg, kan du vite, ser du, visst, (må vite), (sann), (kar), (vel), (veit du), (da), (men), (lell)</i>
TRØNDELAG:	<i>venteleg, sjø¹⁹</i>
VESTLANDET:	<i>sant vel, sant, (ikkje sant), (nett), (så), (at (det))</i>
NORD-NOREG:	<i>skal tru, (ikkje sant)</i>
SØRLANDET:	-

Uttrykka i parentes har vi berre èi empirisk kjelde for, anten spørjeundersøkinga eller korpussøk, medan dei andre uttrykka kan koplatt til den geografiske regionen både ifølgje spørjeundersøkinga og ifølgje korpussøk.

Det er påfallande mange fleire uttrykk som er typiske for Austlandet enn for dei andre regionane, og Nord-Noreg og Sørlandet stikk seg fram som regionar der dei etterstilte uttrykka får gjennomgåande lågare skår enn elles i landet (sjå Tabell 9). Kva årsakene kan vere til denne skeivfordelinga, er uvisst. Når det gjeld Sørlandet, skal ein hugse på at datamengda frå denne regionen er spesielt liten. Skeivfordelinga kan òg skuldast utvalet av uttrykk, eller det kan skuldast at den etterstilte posisjonen i større grad er føretrekt på Austlandet (og eventuelt Vestlandet og i Trøndelag) enn i Nord-Noreg og på Sørlandet. Her trengst det meir forskning.

¹⁹ Jf. Søfteland og Borthen (2018).

3.2 Alder

I Tabell 12 er dei 46 uttrykka rangert etter i kva grad dei har fått signifikant høgre skår hos ein av alderskategoriane. Dei uttrykka som i større grad er rapportert i bruk av dei unge informantane, står øvst i tabellen, medan dei som i større grad er rapportert av dei eldre, står nedst.

	Uttrykk	Gjennomsnittskår Ung (15–30)	Gjennomsnittskår Gamal (50+)	Tendens alder	Signifikans	Samsvar korpusdata
1	jo	Gjennomsnitt: 1.631	Gjennomsnitt: 0.600	i favør ung	p = 5.2e-19	Ja/ få døme
2	sant	Gjennomsnitt: 1.246	Gjennomsnitt: 0.510	i favør ung	p = 3.1e-11	Ja
3	eller	Gjennomsnitt: 1.959	Gjennomsnitt: 1.703	i favør ung	p = 1.2e-05	Ja
4	akkurat	Gjennomsnitt: 1.984	Gjennomsnitt: 1.845	i favør ung	p = 0.0011	Ja
5	liksom	Gjennomsnitt: 1.877	Gjennomsnitt: 1.671	i favør ung	p = 0.0012	Ja
6	veit du	Gjennomsnitt: 1.803	Gjennomsnitt: 1.561	i favør ung	p = 0.003	nei
7	vel	Gjennomsnitt: 1.500	Gjennomsnitt: 1.265	i favør ung	p = 0.0273	?
8	ikkje sant	Gjennomsnitt: 1.811	Gjennomsnitt: 1.684	i favør ung	p = 0.0309	Ja
9	men	Gjennomsnitt: 1.869	Gjennomsnitt: 1.748	i favør ung	p = 0.0666	-
10	du	Gjennomsnitt: 1.041	Gjennomsnitt: 0.858	i favør ung	p = 0.0908	-
11	trur eg	Gjennomsnitt: 1.820	gjennomsnitt: 1.716	i favør ung	p = 0.1161	-
29	ser det ut til	Gjennomsnitt: 1.639	Gjennomsnitt: 1.755	i favør ung	p = 0.1383	-
12	visstnok	Gjennomsnitt: 1.369	Gjennomsnitt: 1.226	i favør ung	p = 0.1451	-
13	altså	Gjennomsnitt: 1.844	Gjennomsnitt: 1.787	i favør ung	p = 0.1926	-
14	da	Gjennomsnitt: 1.795	Gjennomsnitt: 1.723	i favør ung	p = 0.2725	-
16	sant vel	Gjennomsnitt: 0.270	Gjennomsnitt: 0.194	i favør ung	p = 0.3123	-
15	at (det)	Gjennomsnitt: 1.828	Gjennomsnitt: 1.748	i favør ung	p = 0.3137	-
17	mun tru	Gjennomsnitt: 0.943	Gjennomsnitt: 0.935	i favør ung	p = 0.9404	-
18	trur du	Gjennomsnitt: 1.820	Gjennomsnitt: 1.813	i favør ung	p = 0.9905	-
	-	-	-	-	-	-
19	da ma	Gjennomsnitt: 0.287	Gjennomsnitt: 0.310	i favør gml	p = 0.9679	-
20	skal vite	Gjennomsnitt: 0.197	Gjennomsnitt: 0.219	i favør gml	p = 0.8017	-
21	veit eg	Gjennomsnitt: 0.926	Gjennomsnitt: 0.955	i favør gml	p = 0.8099	-
22	nemleg	Gjennomsnitt: 1.221	Gjennomsnitt: 1.245	i favør gml	p = 0.7982	-
23	lell	Gjennomsnitt: 0.762	Gjennomsnitt: 0.806	i favør gml	p = 0.6813	-
24	radt	Gjennomsnitt: 0.492	Gjennomsnitt: 0.555	i favør gml	p = 0.5902	-
25	skjønar du	Gjennomsnitt: 1.631	Gjennomsnitt: 1.697	i favør gml	p = 0.5916	-
26	nett	Gjennomsnitt: 0.074	Gjennomsnitt: 0.116	i favør gml	p = 0.5662	-
27	kar	Gjennomsnitt: 0.180	Gjennomsnitt: 0.284	i favør gml	p = 0.3185	-
28	rett og slett	Gjennomsnitt: 1.664	Gjennomsnitt: 1.729	i favør gml	p = 0.2399	-
30	ser du	Gjennomsnitt: 1.451	Gjennomsnitt: 1.606	i favør gml	p = 0.1183	-
31	er von	Gjennomsnitt: 0.123	Gjennomsnitt: 0.219	i favør gml	p = 0.1179	-
32	visst	Gjennomsnitt: 0.934	Gjennomsnitt: 1.123	i favør gml	p = 0.1025	-
33	som sagt	Gjennomsnitt: 1.205	Gjennomsnitt: 1.400	i favør gml	p = 0.0817	-
34	gitt	Gjennomsnitt: 1.197	Gjennomsnitt: 1.368	i favør gml	p = 0.0772	-
35	må tru	Gjennomsnitt: 0.164	Gjennomsnitt: 0.355	i favør gml	p = 0.0485	Ja/ få døme
36	kan du vite	Gjennomsnitt: 0.443	Gjennomsnitt: 0.690	i favør gml	p = 0.0339	Ja
37	må vite	Gjennomsnitt: 0.369	Gjennomsnitt: 0.587	i favør gml	p = 0.0194	?
38	så	Gjennomsnitt: 1.713	Gjennomsnitt: 1.858	i favør gml	p = 0.0084	Ikkje testa
39	var sant	Gjennomsnitt: 0.115	Gjennomsnitt: 0.323	i favør gml	p = 0.0065	Ja/ få døme
40	venteleg	Gjennomsnitt: 0.148	Gjennomsnitt: 0.394	i favør gml	p = 0.0030	Ja
41	mann	Gjennomsnitt: 0.943	Gjennomsnitt: 1.277	i favør gml	p = 0.0022	Ja/ få døme
42	skal tru	Gjennomsnitt: 0.713	Gjennomsnitt: 1.058	i favør gml	p = 0.0022	Ja/ få døme
43	dei kallar	Gjennomsnitt: 0.213	Gjennomsnitt: 0.600	i favør gml	p = 1.5e-05	Ja
44	sant å seie	Gjennomsnitt: 0.762	Gjennomsnitt: 1.342	i favør gml	p = 7.4e-08	Få døme
45	kan du skjøne	Gjennomsnitt: 1.131	Gjennomsnitt: 1.626	i favør gml	p = 2.8e-08	Ja
46	sann	Gjennomsnitt: 0.279	Gjennomsnitt: 1.013	i favør gml	p = 2.3e-12	Få døme

Tabell 12 Dei 46 uttrykka ordna etter høgste/lågaste skår hos dei to alderskategoriane

Det er påfallande at mange av dei mest skriftnære og allment kjende uttrykka blir rapporterte å bli nytta mest av dei unge informantane, medan mange av dei mindre allment kjente uttrykka (jf. Tabell 6) blir rapporterte å bli nytta i større grad av dei eldre.

3.2.1 Uttrykk som får høgst skår blant dei eldre

I Tabell 12 skil *sann* seg ut som eit etterstilt uttrykk som får signifikant høgare skår blant dei eldre informantane enn blant dei unge. I tillegg er det ein signifikant skilnad i favør av dei eldre for etterstilt *kan du skjöne*, *sant å seie*, *dei kallar*, *skal tru*, *mann*, *venteleg*, *var sant*, *så*, *må vite*, *kan du vite* og *må tru*. Dei detaljerte resultatane for *sann*, *kan du skjöne* og *må tru* er presenterte i Diagram 15–17.




Diagram 15 sann




Diagram 16 kan du skjöne




Diagram 17 må tru

I NDK får vi 13 treff på forma *sann* i segmentfinal posisjon, men dei fleste er adjektivet *sann*, i tillegg til det faste uttrykket *oi, sann*, som vi ikkje inkluderer her. Ut over desse treffa er det berre eitt døme på etterstilt *sann*. Dette er ytra av ein ung informant, men konteksten er litt spesiell:

(12) [sylling_um/uk]

UM: ja ja ... nei, men dette er jo ikkje nokon eksamen, men skulle ikkje vi tørrprate

UK: jo

UM: ja da så

UK: {klikkelyd} ja da så, nei da så

UM: så

UK: dek- ... dét sann

UM: {klikkelyd}

UM: ja ... sa kjerringa og ... vi hadde masse sånne kjerringagreier men eg har gløymt dei fleste

Ytringa med *sann* blir uttalt med fokal aksent på *det* og *sann* i same aksentfrase, som i *Så DET-sann!* Når ein lyttar til dette utdraget, er det tydeleg at dei to informantane produserer ei form for parodi på tørrprating. Det er difor uklart om *sann* er ein del av det aktive vokabularet til informanten eller ikkje. I LIA norsk er det fleire treff på *sann* (16 når ein ser bort frå adjektivet *sann*), men også her er dei fleste treffa faste uttrykk, interjeksjonar som *oi sann* og *å hoi sann*, og berre eitt er av den generelle produktive sorten (sjå (13e) nedanfor).

Sams for nesten alle uttrykka som får signifikant høgre skår hos dei eldre informantane i spørjeundersøkinga, er at det er få døme i NDK, men fleire døme i LIA norsk, og at det er fleire gamle informantar enn unge informantar i NDK som nyttar uttrykket. Tabell 13 gjev eit oversyn over resultatane i desse korpusa. Ettersom tala er så låge, har vi berre absolutte tal, ikkje treff per ord som i førre tabell.

	LIA norsk	Nordisk dialektkorpus (NDK)	
		Gamal	Ung
<i>sann</i>	1	0	1?
<i>kan du skjøne</i>	5	8	0
<i>sant å seie</i>	0	0	0
<i>dei kallar</i>	14	0	0
<i>skal tru</i>	3	0	0
<i>mann</i>	6	1	1
<i>venteleg</i>	7	1	0
<i>var sant</i>	0	1	0
<i>så</i>	(ikkje talt)	(ikkje talt)	(ikkje talt)
<i>må vite (måta)</i>	1	1	7
<i>kan du vite</i>	14	1	0
<i>må tru</i>	2	0	0

Tabell 13 Treff på etterstilte uttrykk i LIA norsk og i NDK

Eitt uttrykk skil seg ut i Tabell 13, nemleg *må vite*. Det er 7 døme på dette uttrykket i NDK, alle i kombinasjon med *da* og uttala *måta*, som i *da måta*. Eitt av døma er ytra av ei eldre kvinne, 5 av ei ung kvinne og eitt av ein ung mann, alle frå Lom. I LIA norsk finn vi derimot berre éin førekomst av etterstilt *måta* (sjå (6e)), og han er utan *da*. Ei mogleg forklaring på kvifor etterstilt *må vite* får så låg vurdering av dei unge informantane på spørjeskjemaet, trass i døma i NDK, er at det er i ferd med å utvikle seg ein konvensjon om å nytte *måta* saman med *da*. Kombinasjonen *da måta* er truleg opphavet til variantar som *da ma* og *ma*, som ikkje har nokon spesiell aldersprofil ifølgje spørjeundersøkinga vår (sjå Tabell 12). Med andre ord kan det vere ei naturleg årsak til diskrepansen mellom resultatane på spørjeundersøkinga og korpusundersøkinga.

I (13) har vi samla døme på dei av uttrykka i Tabell 13 som vi ikkje har presentert elles i artikkelen, men som blir rapportert som nytta av ganske mange av dei eldre informantane.

- (13) a. [vang_04gk]
ja (.) de varrt væL de (.) **kann du væta**
‘ja, det vart vel det, kan du vite’
- b. [aremark]
jo da hann budde her i ni år hann (.) **må tru**
‘jau da, han budde her i ni år han, må tru’
- c. [aremark]
da må di bakes ut (.) no får færddli lennge i værnt vann å enerlæuv **di kæller**
‘da må dei bakast ut noko forferdeleg lenge i varmt vatn og einerlog, dei kallar’
- d. [skaugdalen]
va tabu derre **va sannt**
‘(det) var tabu det der, var sant’

3.2.2 Uttrykk som får høgst skår blant dei yngre

Jo, sant, eller, akkurat, liksom, veit du, vel og *ikkje sant* får signifikant høgre skår av dei unge informantane enn dei eldre (jf. Tabell 12). Dei tre etterstilte uttrykka som mest tydeleg får høgre skår blant dei unge, er *jo* (som er i bruk over heile landet), *sant* (som er i bruk særleg på Vestlandet og

langs kysten opp til Nord-Noreg) og *eller* (som er i bruk over heile landet). Diagram 18–20 samanliknar den prosentvise fordelinga av dei tre svaralternativa for yngre og eldre informantar.




Diagram 18 Etterstilt *jo*




Diagram 19 Etterstilt *sant*




Diagram 20 Etterstilt *eller*

Spesielt resultatane for *jo* er slående. Dei unge har heilt klart ei anna oppfatning enn dei eldre når det gjeld i kva grad *jo* høyrer med til vokabularet i deira dialekt eller ikkje. Den pragmatisk partikkelen *jo* er i motsetnad til svarordet *jo/jau* ikkje eit norsk arveord (og dermed ikkje del av det tradisjonelle dialektvokabularet), men er lånt inn frå tysk via dansk, og er frekvent i skrift (sjå Berthelin og Borthen 2019). Dette kan vere ei årsak til at dei eldre informantane i liten grad reknar ordet som ein del av dialekta si.

I NDK er det 968 treff på forma *jo* i segmentfinal posisjon; 464 for dei yngre informantane og 504 for dei eldre, jf. Tabell 14.

	Segmentfinal	Einingar	Segmentfinal per 100.000	Etterstilt pos.	Etterstilt, per 100.000
Ung (A)	464 (48 %)	895352	52 (53 %)	3 (75 %)	0,34 (79 %)
Gamal (B)	504 (52 %)	1102568	46 (47 %)	1 (25 %)	0,09 (21 %)
Sum	968 (100 %)	1997920	98 (100 %)	4 (100 %)	0,43 (100 %)

Tabell 14 *jo* i Nordisk dialektkorpus

Jo i segmentfinal posisjon er for det meste setningsadverbialet *jo*, som i *Han søv jo*, typisk med intonasjonsfraseringa $[[han[{}^1SØV-jo]_{AE}]_{FF}]_{IY}$.²⁰ Det er ikkje store skilnaden mellom unge og eldre språkbrukarar i NDK når det gjeld bruken av *jo* i denne posisjonen, men dei unge informantane, som har produsert færre ord enn dei eldre, har ein litt høgare frekvens per 100.000 ord (52 mot 46).²¹ Desse tala kan samanliknast med tala for *jo* som trykklett, etterstilt pragmatisk partikkel, til dømes realisert med intonasjonsfraseringa $[[han[{}^1SØV]_{AE}]_{FF} jo]_{IY}$. Det er fire slike døme i korpuset, mellom anna (14a-b) nedanfor. Tre av desse er ytra av unge informantar mot berre eitt av ein eldre informant (jf. Tabell 14).

²⁰ Intonasjonsnotasjonen er basert på Fretheim (2014) (sjå òg Nilsen 1992 og Fretheim 1992). AE = Aksentenhet, FF = Fokal frase, IY = Intonasjonsytring.

²¹ I Tabell 14 står 'Einingar' for det som i søkegrensesnittet blir kalla for 'Tokens'. Dette er den samla mengda med ord og andre samtalerelaterte signal, som til dømes latterseteikn og spørsmålsteikn.

- (14) a. [drevsjø_02uk]
fa'n jæ ha jo sjokolade på hele mæi **jo**
'faen eg har jo sjokolade på heile meg, jo'
- b. [karmøy_03gm]
har du værre oppe å sitt dærr e jo heilt grønt **jo**
'har du vært oppe og sett, det er jo heilt grønt, jo'

Eit interessant aspekt ved tala i Tabell 14 er at skilnaden mellom dei unge og dei eldre informantane er større for *jo* i etterstilt posisjon enn for andre posisjonar. Dei unge står for 75 % av døma på etterstilt *jo*, og talet blir enno høgre om ein tek omsyn til at dei unge har ytra færre ord enn dei eldre. Det er for få døme på *jo* i etterstilt posisjon til å trekke sikre konklusjonar ut frå desse tala, men som vi skal sjå nedanfor, gjentek mønsteret seg for andre uttrykk.

Eit søk på ordforma *sant* i NDK gjev 1613 treff, 863 blant dei eldre informantane, 750 blant dei yngre. Ein manuell gjennomgang av 423 døme i segmentfinal posisjon viser at dei fleste er *ikkje sant* eller *det er sant*, men det er òg 78 døme på den etterstilte pragmatiske partikkelen *sant* blant dei yngre informantane, 51 blant dei eldre, jf. Tabell 15.

	Ordform	Einingar	Ordform per 100.000	Etterstilt posisjon	Etterstilt, per 100.000
Ung (A)	863 (54 %)	895352	96 (59 %)	78 (60%)	8,7 (65 %)
Gamal (B)	750 (46 %)	1102568	68 (41%)	51 (40%)	4,6 (35 %)
Sum	1613 (100 %)		164 (100 %)	129 (100 %)	13,3 (100 %)

Tabell 15 *sant* i Nordisk dialektkorpus

I tillegg har vi søkt etter *sant* følgd av spørsmålsteikn, og blant desse finn vi 8 døme hos dei yngre informantane og 5 hos dei eldre. I sum stør korpusundersøkinga opp om resultatata frå spørjeundersøkinga ved at dei yngre nyttar etterstilt *sant* litt oftare enn dei eldre, både i absolutte tal og relativt til kor mange ord dei ytrar. Som for *jo* er skilnaden større i etterstilt posisjon enn for ordforma generelt.

Ordforma *eller* (med tilhøyrande uttaleformer, t.d. *hell* og *hæll*) er òg svært frekvent i NDK. Søk på forma åleine gjev 3848 treff blant dei yngre informantane og 2613 blant dei eldre. For å avgrense mengda med data har vi søkt etter *eller* følgd av spørsmålsteikn i segmentfinal posisjon. Dette er det rimeleg å gjere sidan vi er ute etter spørsmålsfunksjonen til *eller*; eksempelsetninga i spørjeskjemaet var *Blir det snø i kveld, eller*. Det er 440 slike døme i NDK. Av desse er heile 281 ytra av unge informantar, 159 av eldre. Når ein i tillegg tek omsyn til at dei unge informantane har ytra færre ord enn dei eldre, blir tala endå tydelegare, jf. Tabell 16.

	Ordform	Einingar	Ordform per 100.000	I segmentfinal pos. følgd av spørsmålsteikn	I segmentfinal pos. + spm.teikn per 100.000
Ung (A)	3848 (60 %)	895352	430 (64 %)	281 (64 %)	31 (70 %)
Gamal (B)	2613 (40 %)	1102568	237 (36 %)	159 (36 %)	14 (30 %)
Sum	6461 (100 %)		667 (100 %)	440 (100 %)	44 (100 %)

Tabell 16 *eller* i Nordisk dialektkorpus

Som vi ser i den siste kolonnen, er ytringsfinalt *eller* med spørjande funksjoner langt meir frekvent blant dei unge informantane enn blant dei eldre. Med andre ord tyder korpusøket på at resultatet for rapportert språkbruk reflekterer ein skilnad i faktisk språkbruk. Legg òg merke til at skilnaden mellom dei yngre og dei eldre informantane er større i etterstilt posisjon enn for ordforma generelt, nett som for *jo* og *sant*.

I tillegg til *jo*, *sant* og *eller* fekk vi signifikant høgre vurderingar for etterstilt *likso*, *akkurat*, *veit du* og *vel* blant dei unge informantane i spørjeundersøkinga. Tabell 17 er ei oversikt over

korpusresultata for desse fem uttrykka. Det er spesielt interessant å samanlikne tala som er i feit skrift. Dei representerer den relative frekvensen for etterstilte uttrykk hos eldre og yngre informantar.

	Gamal (50 +)				Ung (15–30)			
	Alle posisjonar		Etterstilt		Alle posisjonar		Etterstilt	
	Treff	Treff per 100.000	Treff	Treff per 100.000	Treff	Treff per 100.000	Treff	Treff per 100.000
<i>liksom</i>	1680	152	116	14	1959	219	261	29
<i>ikkje sant</i>	377	34	86	7,8	358	40	121	14
<i>akkurat</i>	1070	97	5	0,45	579	65	11	1,2
<i>vel</i>	3051	277	124	11	2200	246	88	10
<i>veit du</i>	2896	262	765	69	889	99	277	31

Tabell 17 Absolutte tal og relativ frekvens i etterstilt posisjon og andre posisjonar hos eldre og yngre informantar i Nordisk dialektkorpus

For tre av desse uttrykka ser vi same tendens som i spørjeundersøkinga; etterstilt *liksom*, *ikkje sant* og *akkurat* har ein frekvens per 100.000 ord som er langt høgare blant dei yngre informantane enn blant dei eldre.

For to av uttrykka er resultatet annleis, nemleg for etterstilt *vel* og *veit du* (med uttalevariantar som t.d. *vet du* og *vettu*).²² Etterstilt *vel* har omtrent same frekvens blant yngre og eldre i korpuset, så dette resultatet kan vi ikkje seie så mykje om. Men tala for *veit du* er tydelege. I NDK har *veit du* meir enn dobbelt så høg frekvens blant dei eldre informantane, trass i at uttrykket fekk signifikant høgare skår blant dei yngre informantane i spørjeundersøkinga. Korleis kan dette henge saman?

Ein del av forklaringa ligg i korpusdataa. Blant dei som nyttar *veit du* i etterstilt posisjon er det fleire “superbrukarar” med meir enn 5 dømme kvar blant dei eldre informantane enn blant dei unge. Dette er ei medverkande årsak til kvifor resultatet i korpusundersøkinga er så ulikt resultatet frå spørjeundersøkinga, men det er ikkje heile forklaringa. I NDK er det 61 av til saman 216 unge informantar som nyttar *veit du* (det vil seie 28 % av dei unge), medan det er 96 av dei 222 eldre som nyttar uttrykket (43 %). Tilsvarende får ein treff på *veit du* på langt fleire målepunkt for dei eldre informantane enn for dei yngre. Altså må vi slå fast at fleire eldre informantar enn unge i NDK nyttar etterstilt *veit du*, sjølv om ein kunne vente det motsette ut frå resultata på spørjeskjemaet (jf. Tabell 12).

Som nemnt i Seksjon 2 er det mogleg at resultata for spørjeskjemaet kan reflektere normative haldningar heller enn faktisk språkbruk. Særleg når det gjeld kategorien ung/eldre, kan ein tenke seg at normene er ulike for dei to gruppene. Til dømes kan det vere at eldre informantar i større grad meiner at ein ikkje *bør* nytte etterstilt *veit du*, eller at dei ikkje vil rekne uttrykket som typisk for dialekta si. Det kan òg vere at andre meir tradisjonelle og meir stadbundne uttrykk blir nytta med ein liknande funksjon i dialekta, særleg av dei eldre språkbrukarane (t.d. *skjønar du*, *må vita*, *kan du skjønne*). Vi ser det som sannsynleg at normative språksyn er ein del av forklaringa på kvifor etterstilt *veit du* får lågare gjennomsnittsskår av dei eldre i spørjeundersøkinga samtidig som det er langt fleire dømme på *veit du* blant dei eldre i NDK. Kvifor dette får så tydeleg utslag for nettopp *veit du*, kan ikkje undersøkinga vår seie noko om.

Ein siste ting vi skal leggje merke til her, er at sjølv om etterstilt *veit du* er meir frekvent i faktisk bruk blant dei eldre informantane enn dei yngre, så er skilnaden mindre tydeleg i etterstilt posisjon enn for uttrykket generelt (sjå Tabell 17). Det er altså noko med den etterstilte posisjonen som gjer det meir sannsynleg at uttrykket blir ytra av ein ung språkbrukar.

For *akkurat* ser vi dette endå tydelegare. Ordforma *akkurat* blir ytra oftare av dei eldre informantane enn av dei yngre (97 mot 65 per 100.000), men når ein avgrensar døma til etterstilt

²² Resultata i Tabell 17 for *veit du* er summen av to søk i bokmålstranskripsjonen i NDK: *vet du* og *veit du*.

posisjon, er tendensen motsett (8 mot 14 per 100.000 i favør dei unge). Det same ser vi faktisk for *alle* dei 8 uttrykka som får signifikant høgre skår av dei unge informantane enn av dei eldre i spørjeundersøkinga (sjå Tabell 14–17): Same kva korpusdataa viser for ordforma generelt, er resultatet skove i favør dei unge om ein ser på tala for etterstilt posisjon, altså finalpartikkelfunksjonen. Den etterstilte, trykklette posisjonen blir altså nytta oftare, relativt sett, av dei unge språkbrukarane enn dei eldre for dei ordformene dei har i vokabularet.

3.2.2 Oppsummering alder

Ser vi på spørjeundersøkinga og korpusdataa under eitt, er det 6 uttrykk blant dei 46 vi har undersøkt, som er meir vanlege blant dei unge informantane og 10 som er meir vanlege blant dei eldre:

UNGE (15–30): *jo, sant, eller, liksom, akkurat, ikkje sant*

GAMLE (50+) *sann, kan du skjøne, sant å seie, dei kallar, skal tru, venteleg, var sant, må vite, kan du vite, må tru*

I tillegg til desse mønstera har korpusundersøkinga vår ført til eit overraskande funn: For alle dei 20 ordformene som vi har sett nærare på i denne seksjonen, har det vist seg at fordelinga av unge og eldre informantar endrar seg i favør av dei unge når ein ser på uttrykket i etterstilt posisjon samanlikna med andre posisjonar i setninga. Denne tendensen til at unge språkbrukarar i større grad enn eldre plasserer ord i etterstilt posisjon, har så vidt vi veit aldri vore påvist før. Om dette er eit døme på ‘age grading’, altså at individ endrar språket sitt berre i ein bestemd aldersperiode (jf. Hockett 1950; Labov 1978; Wagner 2012), eller om det er eit teikn på ei språkhistorisk endring, kan vi ikkje vite sikkert ut frå datamaterialet her åleine. Men i og med at pragmatiske partiklar i etterstilt posisjon gjerne utviklar seg frå uttrykk som førekjem i andre posisjonar i setninga (sjå t.d. Hancil, Post og Haselow 2015), er det nærliggande å tru at mønsteret peiker mot ei språkhistorisk endring, anten for einskilde uttrykk eller for posisjonen generelt.

3.3 Kjønn

Den siste parameteren vi skal sjå på, er kjønn. I utgangspunktet er dette den variabelen som vi i minst grad rekna med ville føre til signifikante resultat på spørjeundersøkinga (jf. drøftingar i Seksjon 1 og 2). Dersom det likevel skulle vere klare skilnader, er arbeidshypotesen ifølgje tidlegare forskning at vi vil finne uttrykk som er meir frekvent i bruk hos kvinner enn hos menn, og ikkje motsett.

Tabell 18 presenterer eit utdrag av resultata. Det er få tydelege mønster, men både etterstilt *mann* og *rett og slett* gjev opphav til signifikante resultat. Dei mannlege informantane rapporterer i større grad om bruk av partikkelen *mann*, og dei kvinnelege informantane rapporterer i større grad om bruk av *rett og slett*. I tillegg er det ein tendens til at *ser du* og *gitt* får høgre gjennomsnittsskår blant mennene og *liksom* og *akkurat* blant kvinnene, men desse resultata er ikkje signifikante. Heller ikkje resultatet for *altså* er signifikant, sjølv om det har stått i Norsk Ordbok at *altså* i etterstilt posisjon førekjem “særleg i kvinnemål” (jf. Opsahl 2012).

Uttrykk	Gjennomsnitt kvinner	Gjennomsnitt menn	Tendens kjønn	Signifikans	Samsvar korpusdata
mann	1.014	1.264	i favør menn	p = 0.02	Nei/ få døme
ser du	1.466	1.620	i favør menn	p = 0.059	Ja, same tendens
gitt	1.223	1.372	i favør menn	p = 0.147	Ja, same tendens
[...]	[...]	[...]	[...]	[...]	-
altså	1.845	1.775	i favør kvinner	p = 0.247	Nei
[...]	[...]	[...]	[...]	[...]	-
liksom	1.818	1.698	i favør kvinner	p = 0.116	Ja, same tendens
akkurat	1.946	1.860	i favør kvinner	p = 0.115	Nei/ få døme
rett og slett	1.764	1.628	i favør kvinner	p = 0.045	Få døme

Tabell 18 Uttrykk med høgre gjennomsnittleg skår hos menn eller kvinner (utdrag)

3.3.1 Potensielt “mannslege” uttrykk

Diagram 21–23 syner resultatata for *mann*, *ser du* og *gitt*, som er tre av uttrykka som får høgre gjennomsnittsskår blant mannlege informantar. Som nemnt er berre resultatata for *mann* statistisk signifikante.




Diagram 21 Etterstilt mann




Diagram 22 Etterstilt ser du




Diagram 23 Etterstilt gitt

For den ortografiske forma *mann* er det 141 treff i NDK, men berre to av desse er i etterstilt posisjon. Eitt er ytra av ei kvinne (jf. (15a)), eitt av ein mann (jf. (15b)).

- (15) a. [stranda_04gk]
ja de e no flått tur de **mann**
‘ja, det er no flott tur det, mann’
- b. [brekkom_01um]
a (.) ja (.) næi re æ (.) de e synn de att de itte bLi brukkt mæir (.) menn dæ att åss ska bLi fløtt åt sennttrum da **mann** (.) de æ dær de ska sje allt
‘ja nei, det er synd at det ikkje blir brukt meir, men det at vi skal bli flytt til sentrum, da mann, det er der det skal skje alt’

For etterstilt *mann* er det for lite data til at vi kan konkludere noko om kjønnsfordelinga, men *ser du* og *gitt* er meir frekvente. Søk etter *ser du* i NDK gjev 66 treff i etterstilt posisjon etter sortering. To av døma er vist i (16).

- (16) a. [hjartdal_03gm]
næi fyste dag juL (.) å då va re sellskap å da (.) fekk ikkje me gutonngæn lissåm vørå så velldi mykkjy me me **ser ru**
‘nei fyrste dag jul ... og da var det selskap og da fekk ikkje vi gutungane liksom vere så veldig mykje med, me, ser du’
- b. [stonglandseidet_47]
å så fekk ho kje plass på skol'n i fjor å så (.) kå- så kamm ho hit å så ha ho vorre barnepia te denn gutt'n (.) ho kunn kje nåssjk **ser du**
‘og så fekk ho ikkje plass på skulen i fjor og så ko- så kom ho hit og så har ho vore barnepike til den guten ... ho kunne ikkje norsk, ser du’

Resultata er fordelte på følgjande vis mellom unge (U) og gamle (G), kvinner (K) og menn (M):

	Etterstilt posisjon	Einingar	Etterstilt, per 100.000 einingar
UM	8 (12 %)	434458	1,8 (15 %)
GM	38 (58 %)	566303	6,7 (54 %)
UK	2 (3 %)	460894	0,43 (3 %)
GK	18 (27 %)	536265	3,4 (28 %)
Sum	66 (100 %)		12,33 (100 %)

Tabell 19 Etterstilt *ser du* i Nordisk dialektkorpus etter sortering

Det er langt fleire døme på *ser du* blant mennene enn blant kvinnene i NDK; mennene står for 70 % av døma og tendensen er den same om ein tek omsyn til kor mange ord dei har ytra. Men vi ser òg at alder er ein viktigare skilnad her, og at den kategorien som verkeleg skil seg ut, er dei eldre mannfolka, som står for 58 % av døma åleine, 54 % om ein tek omsyn til frekvensen per ord. Det større frekvenstalet blant mennene kjem hovudsakleg av at det er fleire mannlege informantar frå fleire målepunkt som nyttar uttrykket; skilnaden skuldast ikkje berre fleire “superbrukarar”.

Same tendens finn vi for *gitt*. Det er 79 treff på ortografisk form *gitt* med spesifisert fonetisk form *gitt*, *gett*, *gutt* eller *gøtt* i NDK. Treffa fordeler seg som følgjer:

	Etterstilt posisjon	Einingar	Etterstilt, per 100.000 einingar
UM	13 (16 %)	434458	3,0 (20 %)
GM	48 (61 %)	566303	8,5 (56 %)
UK	10 (13 %)	460894	2,2 (14 %)
GK	8 (10 %)	536265	1,5 (10 %)
Sum	79 (100 %)		15,2 (100 %)

Tabell 20 Etterstilt *gitt* i Nordisk dialektkorpus etter sortering

Igjen ser vi at det er langt fleire treff blant dei mannlege informantane enn blant dei kvinnelege; mennene står for 77 % av døma, og omtrent same tendens ser ein om ein tek omsyn til kor mange ord dei har nytta. Også for *gitt* skil dei eldre mannfolka seg ut; dei åleine står for 61 % av døma, litt lågare om ein justerer for at dei har ytra fleire ord enn dei andre. Den høgre frekvensen hos mennene, og då særleg dei eldre, skuldast både at det er fleire mannlege informantar enn kvinnelege som nyttar *gitt*, og at det er fleire “superbrukarar” med meir enn 5 døme kvar.

Sjølv om verken *ser du* eller *gitt* får signifikante resultat i spørjeundersøkinga, meiner vi at korpus-materialet tyder på at desse uttrykka er meir frekvente hos menn enn hos kvinner, særleg eldre menn. Vi kan ikkje vite noko sikkert om årsaka til desse skilnadene, men om ein reknar uttrykka *ser du* og *gitt* som tradisjonsformer, føyer distribusjonen seg inn i eit mønster som elles er velkjent frå mange talemålsgranskingar, nemleg at menn i større grad held på tradisjonsvariantar enn kva kvinner gjer (jf. Hårstad 2010: 310-311 med referansar). Eit vidare resultat av denne tendensen kan vere at dei aktuelle formene blir assosierte med nettopp maskulinitet. Det at båe uttrykka er forsterkande, kan òg tenkjast å verke inn på dette assosiasjonspotensialet. Når det er sagt, er det også andre uttrykk blant dei 46 vi har undersøkt, som kan reknast som tradisjonsformer og forsterkande, men som vi ikkje finn same tendens for, t.d. *kar*, *må vite* og *at (det)*.

3.3.2 Potensielt “kvinnelege” uttrykk

Når det gjeld potensielt “kvinnelege” etterstilte uttrykk, er det *rett og slett* som mest gjennomgåande får høgre skår hos dei kvinnelege informantane enn dei mannlege på spørjeundersøkinga, med *akkurat* og *liksom* rett etter med nær signifikante resultat (jf. Tabell 18). *Rett og slett* får vi ikkje testa opp mot NDK, for der er det ingen treff på uttrykket. I LIA norsk er det 134 døme på *rett og slett*, 11

i etterstilt posisjon. Dei fleste av desse er ytra av menn, men ettersom dette korpuset har langt eldre språkbrukarar enn det vi har i vår spørjeundersøking, og har langt fleire mannlege enn kvinnelege informantar, kan vi ikkje utan vidare samanlikne resultata.

Resultatet for *liksom* er ikkje fullt statistisk signifikant, men tendensen er så tydeleg at det er interessant å undersøke kven som nyttar etterstilt *liksom* mest i praksis. NDK har 345 døme på *liksom* i segmentfinal posisjon, og som Tabell 21 viser, er det ei skeivfordeling mellom informantkategoriane.²³

	Segmentfinal posisjon	Einingar	Per 100.000 einingar
UM	104 (30 %)	434458	24 (33 %)
GM	40 (12 %)	566303	7,1 (10 %)
UK	148 (43 %)	460894	32 (44 %)
GK	53 (15 %)	536265	10 (14 %)
Sum	345 (100 %)		73,1 (100 %)

Tabell 21 Segmentfinalt *liksom* i Nordisk dialektkorpus etter sortering

Frekvensen til *liksom* er litt høgre for kvinnene enn for mennene, men den største skilnaden går mellom dei yngre informantane, som står for 73 % av døma, og dei eldre informantane, som står for 27 % av døma. Dessutan skil dei unge kvinnene seg ut med 43 % av døma åleine. Desse tala stør både den tidlegare forskinga på *liksom* (jf. Seksjon 1) og dei tendensane ein kan skimte i spørjeundersøkinga vår: *Liksom* er meir frekvent hos yngre språkbrukarar enn eldre, og meir frekvent hos kvinner enn menn. Av desse to faktorane er alder den viktigaste.

Etterstilt *akkurat* er, som vi har sett tidlegare, det uttrykket som får den høgste gjennomsnittskåren på spørjeundersøkinga i Noreg under eitt (jf. Tabell 6), og uttrykket får signifikant høgre skår hos dei unge informantane enn hos dei eldre (jf. Tabell 12). Når det gjeld den ikkje-signifikante tendensen til at uttrykket får høgre skår på spørjeskjemaet av kvinnelege enn mannlege informantar (sjå Tabell 18), blir ikkje dette stadfesta av søk i NDK. Her finn vi 16 relevante døme på etterstilt *akkurat*, og eit fleirtal er ytra av menn:

	Etterstilt posisjon	Einingar	Per 100.000 einingar
UM	8 (50 %)	434458	1,84 (54 %)
GM	3 (19 %)	566303	0,53 (16 %)
UK	3 (19 %)	460894	0,65 (19 %)
GK	2 (12 %)	536265	0,37 (11 %)
Sum	16 (100 %)		3,39 (100 %)

Tabell 22 Etterstilt *akkurat* i Nordisk dialektkorpus etter sortering

Mennene står for 69 % av døma med etterstilt *akkurat*, kvinnene 31 %, altså motsett resultat av den ikkje-signifikante tendensen til høgre gjennomsnittskår blant dei kvinnelege informantane på spørjeundersøkinga. Ut frå tala i Tabell 22 er alder ein like viktig faktor, med 69 % yngre informantar mot 31 % eldre og enno tydelegare resultat om ein tek omsyn til kor mange ord dei har ytra. Ein skal ha i mente at datamaterialet er lite, men dette resultatet stemmer overeins med at vi fann at alder er ein signifikant variabel i spørjeundersøkinga vår, jf. Tabell 18.

Det siste uttrykket vi skal sjå på, er etterstilt *altså*, som heller ikkje fekk signifikante resultat på spørjeundersøkinga. Det er 587 treff på segmentfinalt *altså* i NDK (rundt 4/5 ser ut til å vere relevante døme, altså den etterstilte varianten). Dei fordeler seg blant informantkategoriane på følgjande vis:

²³ Vi har ikkje finsortert treffa i Tabell 21, men det ser ut til å vere oppimot 100 % relevante døme. Altså gjeld tala i Tabell 21 ikkje berre for (korpusteknisk) segmentfinalt *liksom*, men for den faktisk etterstilte varianten (trykklett pragmatisk partikkel).

	Segmentfinal posisjon	Einingar	Per 100.000 einingar
UM	99 (17 %)	434458	23 (20 %)
GM	232 (40 %)	566303	41 (36 %)
UK	89 (15 %)	460894	19 (17 %)
GK	167 (28 %)	536265	31 (27 %)
Sum	587 (100 %)		114 (100 %)

Tabell 23 Segmentfinalt *altså* i Nordisk dialektkorpus (ikkje sortert)

Dei mannlege informantane står for litt over halvparten av døma, (57 %), og den same tendensen gjeld om ein tek omsyn til kor mange ord dei har ytra. Desse tala står tilsynelatande i kontrast til fråsegna i Norsk Ordbok om at *altså* (då ordboksartikkelen vart skriven) vart nytta “særleg i kvinnemål”. Det er likevel ikkje grunn til å seie at Norsk Ordbok tok feil. Tabell 24 viser at tala i LIA norsk, som inneheld eldre datamateriale, er annleis enn i NDK.

	Segmentfinal posisjon	Einingar	Per 100.000 einingar
Mann	1072 (59 %)	2.280.394	47 (43 %)
Kvinne	741 (42 %)	1.196.143	62 (57 %)
Sum	1813 (100 %)		109 (100 %)

Tabell 24 Segmentfinalt *altså* i LIA norsk (ikkje sortert)

Her er tendensen nettopp den som Norsk Ordbok hevda da ordbokartikkelen vart skriven, nemleg at *altså* er meir frekvent blant kvinner enn blant menn (om ein tek omsyn til kor mange ord dei har ytra). Skilnaden er riktig nok ikkje stor.

3.3.3 Oppsummering om kjønn

Etterstilt *mann* fekk signifikant høgare skår av menn enn av kvinner på spørjeundersøkinga vår, og motsett for etterstilt *rett og slett*. Men sidan det er så få korpusdøme, kan vi likevel ikkje konkludere klart om kjønnsprofilen til desse uttrykka.

Tre uttrykk som gjev opphav til nesten signifikante mønster i spørjeundersøkinga, har vist seg å ha ein tydelegare kjønnsprofil når det gjeld faktisk språkbruk. I NDK blir *ser du* og *gitt* nytta spesielt ofte av eldre menn, og generelt meir av menn enn av kvinner, medan *liksom* blir nytta spesielt ofte av yngre kvinner og generelt hyppigare av kvinner enn av menn. I sum meiner vi at ein med relativt stor sikkerheit kan seie at i alle fall tre av dei etterstilte uttrykka vi har undersøkt, har det ein kan kalle ein kjønnsprofil og er knytte spesielt til anten kvinner eller menn:

MENN: *ser du, gitt*
KVINNER: *liksom*

Det at det finst norske etterstilte pragmatiske partiklar som ser ut til å bli nytta særleg hyppig av eldre menn, er, så langt vi kjenner til, eit nytt funn.

3.4 Sambandet mellom rapportert og faktisk språkbruk

No som vi har samanlikna dei signifikante resultata frå spørjeundersøkinga med korpusøk, kan vi vurdere i kor stor grad det er samsvar mellom resultata for rapportert språkbruk i spørjeundersøkinga og faktisk språkbruk i korpusa, og kva dei to undersøkingane seier om fordelar og ulemper ved dei to metodane.

Alt i alt vil vi seie at det er overraskande stort samsvar mellom resultata for rapportert språkbruk i spørjeundersøkinga og faktisk språkbruk i korpusa. Blant dei 46 uttrykka vi har undersøkt gjennom spørjeundersøkinga, er det 25 uttrykk som har signifikante mønster for parameteren geografisk region, 20 med signifikante mønster for alder, og 2 med signifikante mønster for kjønn. Generelt er

graden av samsvar mellom desse resultata og korpusdataa stor, men vi må ta nokre atterhald: 1) I to tilfelle fann vi beint ut motstridande mønster i spørjeundersøkinga og NDK; 2) i tre tilfelle viste det seg at ikkje-signifikante tendensar i spørjeundersøkinga svarte til tydelege mønster i korpus-dataa; 3) i mange høve var det ikkje nok korpusdata til å kunne konkludere over sambandet mellom rapportert og faktisk språkbruk; 4) for nokre sær sære frekvente uttrykk har vi ikkje utført korpusundersøkingar; og 5) vi har stort sett ikkje samanlikna ikkje-signifikante mønster frå spørjeundersøkinga med korpusdata.

Det uttrykket som mest tydeleg gir opphav til motstridande resultat mellom spørjeskjema og korpusdata, er etterstilt *veit du*. Dette uttrykket fekk signifikant høgare skår av dei unge i spørjeundersøkinga, men er likevel langt meir frekvent blant dei eldre i NDK. I korpuset er det både fleire eldre enn yngre som nyttar uttrykket og det er fleire superbrukarar blant dei eldre. Vi har argumentert for at den mest sannsynlege årsaka til dei motstridande resultata er at dei eldre og yngre språkbrukarane har ulike normative haldningar til uttrykket, og at dette kan ha blitt spegla i spørjeundersøkinga trass i at vi spurde om faktisk språkbruk. Vi kan likevel ikkje vite sikkert om det er dette som har skjedd, og vi veit i alle fall ikkje kvifor dette skulle ramme nettopp *veit du*. Uansett er misforholdet ei påminning om at spørsmål om språkbruk på eit spørjeskjema naturleg nok kan bli påverka av informantane sine språkhaldningar.

Vi har i liten grad samanlikna ikkje-signifikante resultat frå spørjeundersøkinga med korpusdata, men for nokre få uttrykk har vi gjort eit unnatak. Mellom anna har vi søkt i NDK på *ser du*, *gitt* og *liksom*, sjølv om spørjeundersøkinga berre gav nesten signifikante resultat for desse uttrykka. Korpusundersøkinga viser at etterstilt *liksom* er meir frekvent hos kvinner enn hos menn, særleg yngre kvinner, medan *gitt* og *ser du* er meir frekvente blant menn, særleg eldre menn. Det at desse mønstera for faktisk språkbruk ikkje resulterte i signifikante resultat i spørjeundersøkinga, viser at spørjeskjema av den typen vi har nytta, ikkje er ideelt for å undersøke kjønnsprofilen til språklege fenomen. Dette er ikkje overraskande. Ein viktig faktor når det gjeld skilnader i bruken av etterstilte uttrykk hos ulike kjønn, er frekvensen av uttrykket. Nokre uttrykk blir nytta meir hyppig av eitt av kjønna, og kanskje med fleire funksjonar. Medan korpusdata vil kunne avdekke slike skilnader, vil spørjeskjema skjule dei så lenge ein berre spør om uttrykket blir nytta eller ikkje. Når det gjeld *gitt*, *ser du* og *liksom*, er det til dømes som forventat at også personar som nyttar uttrykka svært sjeldan, vil rapportere at det blir nytta i dialekta, noko som jamnar ut moglege skilnader mellom informantkategoriane.

Spørjeskjema er ikkje ideelt for å avdekke kjønnsforskjellar for etterstilte pragmatiske partiklar, men vi fekk likevel signifikante resultat for kjønnsparameteren for to av dei 46 uttrykka. Etterstilt *mann* fekk signifikant høgare skår av dei mannlege informantane, medan etterstilt *rett* og *slett* fekk signifikant høgare skår av dei kvinnelege. Diverre er det for få døme i korpusa til at vi kan konkludere med om desse resultata reflekterer faktisk språkbruk eller ikkje. Dessutan er det grunn til å vere på vakt mot at innhaldet i eksempelsetninga kan ha påverka resultata. (17) viser dei to aktuelle eksempelsetningane.

- (17) a. Ta deg saman, mann.
b. Du var fantastisk, rett og slett.

Det er påfallande at innhaldet i eksempelsetningane er så vidt forskjellige, irettesetting (av ein mann) mot rosande omtale, og nært knytte til stereotypiske syn på kvinner og menn som “harde” og “mjuke”. Vi vil difor peike på at eksempelsetninga kan ha påverka resultatet. Uavhengig av faktisk årsak illustrerer dette at eksempelsetningar i slike undersøkingar bør ha eit mest mogleg nøytralt innhald.

Eit anna problematisk aspekt ved eksempelsetningar i denne typen spørjeundersøkingar, gjeld intonasjon. Mangel på intonasjon er truleg årsaka til at vi fann ein diskrepans mellom resultata for *lell* i spørjeskjemaet (som peiker ut Trøndelag som kjerneområde for *lell*) og resultata for *lell* i korpusundersøkinga (som peiker ut Austlandet som kjerneområde for trykklett etterstilt *lell*). Eksempelsetninga i spørjeskjemaet var (18a) saman med døme på uttale, deriblant *lell*. Men medan

vi hadde intonasjonsfraseringa i (18b) i tankane, der *lell* er utan ordaksent og har ei anna tyding enn *likevel*, kan det godt hende at informantane førestilte seg intonasjonsfraseringa i (18c), der *lell* har ordaksent og omtrent same tyding som *likevel*.

- (18) a. Du vil ikkje dit, ____
b. [[[du [¹vil-ikkje] [¹DIT-lell]_{AE}]_{FF}]_{IY}
c. [[[du [¹vil-ikkje]_{AE} [¹dit]_{AE} [¹LELL]_{AE}]_{FF}]_{IY}

Det at korpusundersøkinga gav eit anna resultat enn spørjeundersøkinga i dette høvet, illustrerer to ting: For det første at ein skal hugse på at informantar kan sjå føre seg ulike intonasjonsfraseringar av eksempelsetningar på eit skjema, og for det andre at det å kombinere fleire metodar kan vere særskilt nyttig.

I tillegg til dei tre konkrete døma som vi har nemnt ovanfor, er det to meir generelle aspekt ved undersøkinga ein bør vere merksam på. Det første er at det er ein god del uttrykk som vi ikkje fann døme på i korpuset (eller korpusa), eller berre svært få døme. Dette gjeld mellom anna etterstilt *mun tru*, *nett*, *mann*, *visst*, *skal tru*, *må tru* og *rett og slett*. Det andre usikre aspektet ved undersøkinga vår er det at vi stort sett berre har samanlikna dei signifikante resultata frå spørjeskjemaet med resultat i korpusa. Dermed kan det eksistere mønster for faktisk språkbruk for nokre av dei 46 uttrykka som ikkje har komme fram her. Eit døme som illustrerer dette, er igjen etterstilt *mann*. Uttrykket fekk høgst gjennomsnittsverdi på Vestlandet i spørjeundersøkinga, men tala er ikkje signifikante. I NDK er det berre to døme på etterstilt *mann*, men i LIA norsk er det ei handfull. Det som er påfallande med dataa i LIA norsk, er at alle døma med unnatak av eitt er frå Vestlandet. Det, saman med dei nesten signifikante resultata i spørjeundersøkinga, kan tyde på at Vestlandet er kjerneområde for etterstilt *mann*. Igjen kan det vere at eksempelsetninga har vore uheldig. Jamfør eksempelsetninga frå spørjeundersøkinga, (19a), med (19b), som er eitt av døma frå LIA norsk:

- (19) a. Ta deg saman, mann.
b. Det e no flott tur det, mann.

Opphavet til den etterstilte pragmatiske partikkelen *mann* er etter alt å døme vokativen *mann*, men dei to fenomena er likevel ulike. Det er difor uheldig at eksempelsetninga i spørjeskjemaet er ei imperativsetning, som er særleg naturleg i lag med vokativar. Etterstilt *mann* i (19b) er intuitivt meir markert for dei austlandske forfattarane av denne artikkelen enn det (19a) er, truleg fordi (19a) er ei imperativsetning, medan (19b) er ei deklarativsetning. Dersom (19b) var blitt nytta som døme i spørjeundersøkinga, ville vi kanskje ha funne ein meir avgrensa geografisk distribusjon for etterstilt *mann* enn det vi gjorde. Dette viser igjen kor avgjerande eksempelsetningane kan vere i ei spørjeundersøking.

Metodetrianguleringa i undersøkinga vår understreka at kva for metode ein bør nytte, er avhengig av kor frekvent fenomenet er og kva for aspekt ved fenomenet ein er oppteken av. Sjølv NDK, som er ei omfattande kjelde for talemålsstudiar med nesten 2,8 millionar ord fordelt på 438 norske informantar frå 111 ulike målepunkt, inneheld ikkje nok materiale til at det finst døme på alle uttrykka vi har undersøkt. For sjeldsynte språklege fenomen er det difor hensiktsmessig å spørje språkbrukarar direkte om fenomenet framfor å vente på at uttrykka skal dukke opp tilfeldig i dokumenterte samtaler. 286 svar på eit spørjeskjema er til dømes langt å føretrekke framfor 2 døme i eit korpus dersom ein er ute etter å sjå på geografisk distribusjon. Vi konkluderer med at den typen spørjeskjema som vi har nytta, er ein god metode for å avdekke geografiske mønster for ikkje-frekvente språklege fenomen, så lenge ein utformar skjemaet med omhug (jf. drøftinga ovanfor).

Ulempene ved å nytte spørjeskjema for å undersøke geografiske og demografiske aspekt ved språklege fenomen, er at ein ikkje får innsikt i kor ofte eller korleis språkbrukaren nyttar uttrykket, og at normative haldningar til språk og tilfeldige aspekt ved spørjeskjemaet kan påverke resultata.

Ved å søke i korpus som til dømes NDK og LIA norsk unngår ein desse problema. Så lenge ein tek omsyn til kor mange ord kvar informantkategori har produsert, og er merksam på at automatiske søk ikkje alltid gjev dei treffa ein er ute etter, kan ein ved hjelp av korpus undersøke skilnader mellom språkbrukarar og språkbrukarkategoriar knytte til frekvens og bruksmåtar, og få innsikt i korleis uttrykket faktisk blir nytta. For frekvente språklege fenomen er NDK og andre korpus difor særskild verdfulle språkvitskaplege kjelder.

Det å nytte spørjeskjema og korpusundersøkingar i kombinasjon er det optimale valet, så sant ein har ressursane.

4. Konklusjonar og vidare forskning

Bruken av etterstilte pragmatiske partiklar er eit fenomen der ein kan vente seg stor individuell variasjon. Likevel har vi gjennom ei undersøking av 46 etterstilte pragmatiske partiklar avdekt mønster for både geografisk utbreiing, alder og kjønn på dei som nyttar uttrykka.

Når det gjeld den geografiske utbreiinga, har vi mellom anna konkludert med at dei etterstilte uttrykka *radt*, *da ma*, *gitt* og *er von* er spesielt typiske for Austlandet, *venteleg* for Trøndelag, *sant vel* og *sant* for Vestlandet, og *skal tru* for Nord-Noreg. Med tanke på desse resultata kan ein undre seg over at det ikkje tidlegare har vore tradisjon for å nemne slike uttrykk i faglitteraturen når ein skildrar ulike norske dialekter og gjev oversyn over målmerke og isoglossar. Uansett årsak er det i alle fall liten grunn til ikkje å nemne desse uttrykka når ein heretter gjev oversyn over språklege særtrekk ved norske talemål.

I studien vår har vi berre sett på dei overordna geografiske regionane Austlandet, Trøndelag, Vestlandet, Nord-Noreg og Sørlandet. Ei naturleg utviding i den vidare forskinga vil vere meir fokuserte studiar av uttrykk, uttalevariantar og funksjonar sett opp mot meir avgrensa geografiske område. Dessutan er det eit spesielt behov for meir forskning på denne typen uttrykk på Sørlandet, ettersom datamaterialet vårt frå Sørlandet er magrare enn frå dei andre regionane.

Alder har òg vist seg å vere ein viktig parameter for bruken av etterstilte pragmatiske partiklar i norsk. Mellom anna har vi funne at etterstilt *jo*, *sant*, *eller*, *liksom*, *akkurat* og *ikkje sant* er meir typiske for dei unge språkbrukarane enn for dei eldre. På den andre sida er dei etterstilte uttrykka *sann*, *kan du skjøne*, *sant å seie*, *dei kallar*, *skal tru*, *venteleg*, *var sant*, *kan du vite* og *må tru* meir typiske for dei eldre språkbrukarane. Tidlegare studiar av samanhengen mellom alder og pragmatiske partiklar har stort sett handla om ungdomsspråk, medan denne studien har inkludert uttrykk som er utprega tradisjonelle og som blir nytta meir av dei eldre språkbrukarane. Tydinga og funksjonen til desse uttrykka bør få eit spesielt fokus i den vidare forskinga, for dersom dei er på veg ut, er det særleg viktig å undersøke korleis dei blir nytta før det er for seint. Ein slik dokumentasjon vil krevje andre metodar enn dei som er nytta i studien vår, for det finst i liten grad døme på desse uttrykka i eksisterande talemålskorpus.

Det har vore hevda at nokre pragmatiske partiklar er det ein kan kalle eit “bertefenomen”; altså at dei er spesielt vanlege hos unge kvinner. Til forskjell frå den tidlegare forskinga har vi avdekt at det òg finst “gubbepartiklar”. Undersøkinga vår har stadfesta at etterstilt *liksom* er meir frekvent hos kvinner enn hos menn, særleg unge kvinner, men òg at etterstilt *gitt* og *ser du* blir nytta oftare av menn enn av kvinner, særleg eldre menn. For vidare forskning er det mykje å ta tak i. Undersøkinga vår var avgrensa til 46 etterstilte uttrykk med fokus på talemålsvariasjon, og det var eit uttalt mål å rekruttere relativt stadbundne informantar. Dersom ein inkluderer informantar frå andre og meir spesifikke sosiokulturelle grupper vil ein truleg finne andre interessante uttrykk og mønster.

I undersøkinga vår nytta vi to ulike metodar, spørjeskjema og korpusstudiar, og eitt av måla var å undersøke i kva grad spørjeskjema er eigna for dei forskingsspørsmåla vi hadde som utgangspunkt. Ved å velje dei same informantkategoriane og dei same geografiske målepunkta som i Nordisk dialektkorpus, kunne vi samanlikne den rapporterte språkbruken for ein informantkategori på spørjeskjemaet med den faktiske språkbruken for den same informantkategorien i korpuset. Hovudkonklusjonen vår er at spørjeskjema er velegna for å undersøke geografisk utbreiing og

aldersavhengig variasjon for pragmatiske partiklar, så sant ein utformar spørjeskjemaet med omhug. Spørjeskjema er derimot dårleg eigna til å undersøke ulik språkbruk blant kvinner og menn; til dét bør ein nytte korpus, sidan skilnaden ofte manifesterer seg i form av ulik frekvens for eit uttrykk. Ein metode vi vil framheve som særleg aktuell for oppfølgingsstudiar, er å gjere opptak av enkeltinformantar i situasjonar der det er særleg sannsynleg at det aktuelle uttrykket kan bli nytta. I og med at etterstilte pragmatiske partiklar ofte er knytte til uformelt, munnleg språk, og ofte har funksjonar som heng saman med interaksjonen mellom samtaledeltakarane (sjå t.d. Aijmer 2012), bør opptaka bli utførte i mest mogleg uformelle og naturlege situasjonar mellom språkbrukarar som talar same dialekt og står på like fot. Denne metoden kan gjerne kombinerast med intervju med språkbrukaren, der fenomenet ein er oppteken av, blir tematisert og undersøkt gjennom direkte utspørjing.

Til sist vil vi framheve to retningar for vidare forskning som vi meiner er spesielt interessante og viktige. Den eine gjeld tydinga og funksjonen til dei uttrykka vi har sett på og andre liknande uttrykk. Desse orda blir ofte oversett fordi dei ikkje medverkar til det sanningsfunksjonelle innhaldet i setninga. Like fullt er dei ein del av det norske språket og ein del av den norske kulturarven, og den bør vi sjølvsagt dokumentere. Eit anna interessant tema er samanhengen mellom den etterstilte posisjonen og alder. Ifølgje studien vår er det ein tendens (når ein held andre faktorar konstante) til at den etterstilte posisjonen blir nytta meir frekvent av dei unge språkbrukarane enn av dei eldre. For å finne ut om dette er ein tendens som berre gjeld dei uttrykka vi har sett på (og/eller berre dei korpusa vi har sett på), eller om dette gjeld for den etterstilte posisjonen eller etterstilte pragmatiske partiklar meir generelt, treng vi meir data og fleire undersøkingar. Dét treng vi òg for å finne ut om tendensen vi har sett her, er eit uttrykk for ‘age grading’ på individnivå eller ei språkhistorisk endring for det norske språket meir generelt.

Referansar

- Aasen, Ivar, og Aarset, T. (1996 [1848]). *Det norske Folkesprogs Grammatik* (Vol. Nr 1, *Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet*). Høgskulen i Volda.
- Aasen, Ivar (1965 [1864]). *Norsk Grammatik* (Omarb. Udg. af “Det Norske folkesprogs Grammatik”, 3die uforandr. Udg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Aijmer, Karin. 2013. *Understanding Pragmatic Markers. A Variational Pragmatic Approach*. Edinburg: Edinburgh University Press.
- Andersen, Gisle. 2001. *Pragmatic Markers and Sociolinguistic Variation*. Amsterdam: John Benjamins.
- Askedal, John Ole. 1987. On the morphosyntactic properties and pragmatic functions of correlative right dislocation (right copying) in modern colloquial Norwegian. I: *The Nordic languages and modern linguistics* 6, red. P. Lilius og M. Saari, 93–110. Helsinki: Helsinki University Press.
- Askedal, John Ole. 1988. Høyre-kopiering med og i setningsekvivalenter i norsk. *Maal og Minne* (1–2), 100–106.
- Askeland, Anneke. 2020. *Serdu: eit attersyn og eit nytt perspektiv*. I: *Leksikografen frå Leksvika. Festskrift til Laurits Killingbergtrø på åttiårsdagen 4. februar 2020*, red. XX 75–81. Oslo: Novus Forlag.
- Berthelin, Signe og Kaja Borthen. 2019. The semantics and pragmatics of Norwegian sentence-internal *jo*. *Nordic Journal of Linguistics*, Vol 42 (1), 3–33.
- Borthen, Kaja. 2019. Etterstilte småord i norsk talemål – hvordan søke opp informasjon? NTNU, <https://www.ntnu.edu/isl/the-meaning-and-function-of-norwegian-tags>.
- Borthen, Kaja. 2018a. Store spørsmål om små ord. Innledning til temanummer om pragmatiske partikler i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 36, 225–247.
- Borthen, Kaja, Anders Nøklestad, Åshild Søfteland, Perlaug Marie Kveen og Elena Karagjosova, 2018. *Database for etterstilte småord i norsk (Småord-databasen)*. Tekstlaboratoriet, Universitetet i Oslo, <https://tekstlab.uio.no/not>.

- Borthen, Kaja. 2018. Hva betyr *da*, *da*? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 32, 257–306.
- Dagsgard, A. (2006). *Målet i Lom og Skjåk. Ordliste og grammatikk*. Lom kommune/Skjåk kommune.
- Donali, I., Kruken, K., & Bjørkum, A. (1988). Oppdaling: Ord og uttrykk (Vol. 3, Rise, Ola J). Trondheim: Strindheim trykkeris forlag.
- Elspaß, S. & König, W. (red.). 2008. Sprachgeographie digital. Die neue Generation der Sprachatlanten (mit 80 Karten). Olms: Hildesheim, Zürich, New York.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2001. Ingenting å snakke om – kvinneord og ordbøker. *Språknytt*.
- Fretheim, Thorstein. 1989. The two faces of the Norwegian inference particle *da*. I: *Sprechen mit Partikeln*, red. H. Weydt. Berlin: De Gruyter. (Også publisert i *Working Papers in Linguistics* nr. 6, 1988. Universitetet i Trondheim).
- Fretheim, Thorstein. 1992. Themehood, rhemehood and Norwegian focus structure. *Folia Linguistica* XXVI/1–2, 111–149.
- Fretheim, Thorstein 2014: A relevance-theoretic perspective on the Norwegian utterance-final particles *da* and *altså* compared to their English counterpart *then*. I: *Sentence-final particles*, red. Hancil, Sylvie og Margje Post. Berlin: De Gruyter
- Hancil, Sylvie, Margje Post og Alexander Haselow. 2015. Introduction: Final particles from a typological perspective. I: *Final Particles*, red. Sylvie Hancil, A. Haselow og Margje Post, 3–38. Berlin: De Gruyter Mouton.
- Hasund, Ingrid Kristine. 2006. *Ungdomsspråk*. Fagbokforlaget.
- Hockett, Charles. 1950. Age-grading and linguistic continuity. *Language* 26, 449–59.
- Hårstad, Stian. 2010. *Unge språkbrukere i gammel by*. Doktorgradsavhandling, NTNU.
- Johannessen, Janne Bondi. 2003. Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I: *På språk jakt – problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling*, red. Janne Bondi Johannessen, 133–171. Oslo: Unipub forlag.
- Johannesen, Janne Bondi, Øystein Vangsnes, Joel Priestley og Kristin Hagen. 2014. A multilingual speech corpus of North-Germanic languages. I: *Spoken Corpora and Linguistic Studies*, red. 69–83. John Benjamins Publishing Company.
- Johannessen, Janne Bondi, Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor Anders Åfarli og Øystein Vangsnes. 2009. The Nordic Dialect Corpus – an Advanced Research Tool. I: *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009*, red. Kristiina Jokinen og Eckhard Bick, 73–80. *NEALT Proceedings Series Volume 4*. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/index.html>.
- Labov, William. 1978. On the use of the present to explain the past. I: *Readings in historical phonology*, red. P. Baldi og R. Werth, 275–312. Pennsylvania: Pennsylvania State University Press.
- Lakoff, Robin. [1975] 1989. *Language and Woman's Place*. Harper Torchbooks.
- Lind, Marianne. 2005. Samtalen – den grunnleggende språkbruksformen. I: *Språk. En grunnbok*, red. Kristian E. Kristoffersen mfl. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mæhlum, Brit Kirsten, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. 2008. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistikk*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, Brit og Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Nilsen, Randi Alice. 1992. *Intonasjon i interaksjon*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Trondheim.
- Opsahl, Toril. 2002. “Eg bare: Hæ?! Hva skjedde her da?” En studie av de kommunikative funksjonene til diskurspartikkelen ‘bare’ i et ungdomsspråkmateriale. Hovedoppgave, Universitetet i Oslo.

- Opsahl, Toril og Jan Svennevig. 2012. – Og vi bare sånn “grattis”! Sitatmarkørene *bare* og *sånn* i talespråk. I: *Grammatikk, bruk og norm. Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen*, 15. april 2012. Novus Forlag, 219–236.
- Opsahl, Toril. 2014. Kvinnemål, altså. I: *Frå A til Å. Veneskrift til Dagfinn Worren på 70-årsdagen 28. desember 2014*. Novus Forlag, 59–62.
- Precht, Kristen. 2008. Sex Similarities and Differences in Stance in Informal American Conversation. *Journal of Sociolinguistics* 12 (1), 89–111.
- Schütze, Carson T. 2016. *The empirical base of linguistics: Grammaticality judgments and linguistic methodology (Classics in Linguistics 2)*. Berlin: Language Science Press.
- Svennevig, Jan og Ingrid Kristine Hasund. 2018. Uformelt talespråk. I: *Praksis. Norsk språkhistorie II*, red. Brit Kirsten Mæhlum, 119–162. Novus Forlag.
- Svennevig, Jan. 2014. “Det er nå trivelig der innpå, da”. Nå – en diskursmarkør i tilbakegang. I: *Språk i Norge og nabolanda. Ny forskning om talespråk*, red. Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, 291–314. Oslo: Novus.
- Søfteland, Åshild og Borthen, Kaja. 2018. “Æ e trønder, æ, sjø!” Den pragmatiske partikkelen *sjø* i midt-norske dialekter. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 36 (2), 249–280.
- Søfteland, Åshild. 2018. *Nordisk dialektkorpus: introduction aux recherches sur les parlers dans le Norden. Nordiques* 35, 95–115. [Norsk versjon: Nordisk dialektkorpus – ei innføring i forskning på nordiske talespråk].
- Talbot, Mary. 2010. *Language and Gender*, 2nd edition. Cambridge: Polity Press.
- Unger, Christoph. 2018. Sosial mening, pragmatiske partikler og pragmatisk teori. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 36 (2), 331–352.
- Urbanik, Pawel. 2018. Kan du ikke stå der, da? En sosiokognitiv analyse av finalpartikkelen *da* i interrogative *kan*-anmodninger. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 36, 299–330.
- Uri, Helene. 2018. *Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk*. Oslo: Gyldendal.
- Wagner, Suzanne Evans. 2012. Age Grading in Sociolinguistic Theory. *Language and Linguistics Compass* 6/6, 371–382.
- Zimmermann, Malte. 2011. Discourse Particles. I: Klaus von Heusinger og Claudia Maienborn (red.) *Semantics: An International Handbook of Natural Language Meaning*. (Handbooks of Linguistics and Communication Science, vol. 33/2). Berlin: De Gruyter Mouton, 2012–2038.

Elektroniske kjelder

- LIA norsk – korpus av eldre dialektopptak: <http://tekstlab.uio.no/LIA/korpus.html>
- Nordisk dialektkorpus: <http://tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/>
- Norsk Ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket. 2020/under oppdatering. Henta innan januar 2020 frå <http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014.cgi>
- Småorddatabasen – database over etterstilte småord i norsk: <https://www.ntnu.edu/isl/etterstiltesmaord>

Takk til

Ein stor takk til X og Y, som har lese gjennom, og kommentert, ei tidleg utgåve av denne artikkelen. [...]